



Agder Tidend hadde kontor i huset til «Agder kjøpelag», i området der Rutebilstasjonen i Kristiansand ligg i dag. Foto: Vest-Agder-museet Kristiansand.

The First Ruling: Anders Lange and Agder Tidend (1932)

Abstract: *In 1932, Agder Tidend (a newspaper published by the Agrarian Party) and Anders Lange from the right-wing organization Fedrelandslaget were the first to be criticized by the Norsk Presseforbund (Norwegian Press Association) for an ethical violation. The Press Association's conclusion was that two letters by Lange, printed in Agder Tidend, contained content deemed to be harassment (sjikane) of two editors-in-chief of newspapers in Kristiansand, thus harming the press's reputation. This case has not been included in existing works on the history of Norwegian newspapers, the local history of Kristiansand, or the biographies of Lange (who later became known for establishing the party now called Fremskrittspartiet). Personal and political networks seemed more influential than ethical principles in this case. The outcome likely resulted in the opposite of what the complainants had expected: three of the four involved editors resigned in 1932 and were replaced by editors more sympathetic to Fedrelandslaget. The case also demonstrates that the Press Association in 1932 had less-than-perfect criteria for ethics violations and inadequate regulations for handling such cases.*

Keywords: *media ethics, newspaper history, newspaper competition*

FAGFELLEVRDERT

Den første felling: Anders Lange og Agder Tidend (1932)

Samandrag: I 1932 vart avisa Agder Tidend (Bondepartiet) og lesarbreviskribent Anders Lange (Fedrelandslaget) dei første som vart felte i Norsk Presseforbunds faglege utval. Presseforbundet kom til at to lesarbrevis frå Lange i Agder Tidend hadde sjikanerande innhald retta mot to avisredaktørar i Kristiansand, og var til skade for pressas «anseelse». Saka har tidlegare ikkje vore kjend i norsk avishistorie, i Kristiansands lokalhistorie eller i Anders Langes biografier. Lange var seinare kjend som grunnleggaren av partiet som i dag heiter Framstegspartiet (Fremskrittspartiet). Personlege og politiske nettverk var truleg vel så viktige som etiske prinsipp i saka. Resultatet av prosessen vart sannsynlegvis det motsette av det klagarane såg føre seg. Tre av dei fire involverte redaktørane slutta i 1932 – og i staden kom redaktørar som var meir sympatisk innstilte til Fedrelandslaget. Saka viser også at Norsk Presseforbund i 1932 hadde store manglar når det gjeld både regelverk og saksbehandling av etiske saker.

Emneord: medieetikk, avishistorie, aviskonkurranse



Johann Roppen
Professor
Høgskulen i Volda
johann.roppen@hivolda.no

Innleiing

I det formaliserte og institusjonaliserte arbeidet med presseetikk i Noreg er 1928 eit viktig år. Då sette Norsk Presseforbund ned eit eige konsultativt utval, «Det faglege utval», som skulle «avgi uttalelser i kutymespørsmål». Eller som Presseforbundets eigen historieskrivar Olaf Solumsmoen sa det i 1966: Utvalet skulle «(...) behandle innbyrdes stridsspørsmål mellom aviser og pressefolk.»¹ Utvalet fekk etter kvart namnet «Det faglege utval».² Før dette faglege utvalet vart sett ned, så vart liknande stridsspørsmål behandla direkte av styret i Presseforbundet.³ Namnet «Pressens faglige utvalg» vart innført med verknad frå mars 1972.⁴

I Norden hadde Sverige vore først ute med å opprette eit fagleg sjølv dømmemeorgan då «Pressens opinionsnämnd» vart oppretta av presseorganisasjonane i 1916. I Sverige hadde det kome ein etikkplakat i 1923, og den blei revidert i 1933.⁵ I 1935 vart den svenske plakaten presentert og diskutert på det 6. nordiske pressemøtet i København, der det hadde vore ein «lengre debatt om humanisering av journalistikken». Året etter vart altså ein norsk Ver varsam-plakat formulert og vedteken av Norsk Presseforbund.⁶

Kvifor vart det oppretta slike faglege sjølv dømmemeordningar i Norden og mange andre land på denne tida? Det kan vurderast som eit ledd i profesjonaliseringa av journalistikken, men det kan også vurderast som ein forkjopsstrategi for å unngå statleg regulering av media.⁷ Men det finst lite kjeldemateriale som kan fortelje korleis presseaktørane i 1920-åra tenkte om slike spørsmål, og det offentlege perspek-

tivet var kanskje ikkje så viktig, sidan fagutvalet skulle handtere interne spørsmål i pressa og heller ikkje offentleggjorde resultatet av saksbehandlinga før langt seinare. Kanskje vart ikkje sakene debatterte i særleg grad internt i pressa heller.⁸

Sjølv om fagutvalet mangla både retningslinjer for arbeidet og eit etisk regelverk i form av ein plakat eller liknande, hadde det altså starta arbeidet sitt og behandla dei første sakene i 1930.⁹

Lars Arve Røssland har i si doktoravhandling *Presseskikkens samtale. Samtaleposisjonar for Norsk Presseforbund sitt faglege utval 1930–1972* systematisert og lista opp sakene som kom opp for det faglege utvalet i åra 1930–1972.¹⁰ Etter Røsslands opplisting kjem den første fellande fråsegna i 1935, og det var avisa *Tidens Krav* i Kristiansund som vart felt etter klage frå konkurrenten *Møre Dagblad*.¹¹

Men i ein fotnote i avhandlinga refererer Røssland til ei anna mogleg sak som han ikkje fann sakspapir på i arkivet til Presseforbundet:

«[Fagbladet] Journalisten fortel om ei [sak] mellom styret i Kristiansands Presselag og Anders Lange, *Agder Tidend* frå 1931, der avisa har fått refs.»¹²

Den korte artikkelen Røssland nemner, stod på trykk i fagbladet *Journalisten* i februar-utgåva i 1932 (side 15) og har tittelen «En klage fra Kristiansand». Av artikkelen i *Journalisten* går det fram at klagen hadde vorte sendt inn av styret i Kristiansands Presselag. Klagen gjaldt to lesarbreve som hadde stått på trykk i avisa *Agder Tidend* sommaren 1931. Styret i Kristiansands Presselag meinte dei to artiklane inneheldt «personlig chikane» mot to avisredaktørar i Kristiansand, og styret ønskte at Presseforbundet skulle be redaktøren av *Agder Tidend* om «ikke å innta den slags usømmelige og for pressens anseelse nedbrytende artikler om pressefolk.».

Redaktør for avisa *Agder Tidend* var Hans Aarnes. Dei to sjikanerte redaktørane var C.I. Rieber-Mohn i *Christianssands Tidende* og Olav Scheflo i *Sørlandet*. Klagaren var redaktør Anton Beinset i *Fædrelandsvennen*. Alle dei fire avisene og redaktørane i Kristiansand var altså involverte i saka.

Hovudstyret i Norsk Presseforbund bad Det faglege utval om å vurdere klagen. Vurderinga til Det faglege utval var at dei to artiklane var sjikanerande, og basert på klagen og vurderinga i det faglege utvalet konkluderte hovudstyret med at artiklane var «egnet til å skade pressens anseelse».

Det viser seg i ettertid at saka som artikkelen i *Journalisten* handla om, faktisk er å finne i Riksarkivet, men ho har vorte arkivert i ei anna mappa enn dei andre sakene til det faglege utvalet. Mappa har tittelen «0016 - Tvistespørsmål Agder Tidend Anders Lange» og har arkivkode: RA/PA-0835/1/E/L0066/0016 (1931-).¹³

I denne artikkelen skal vi gå nærare inn på denne saka som i 1932 førte til at *Agder Tidend* og lesarbrevskrivar Anders Lange vart dei første som blei felte av Det faglege utval. Dette er tre år tidlegare enn fellinga av *Tidens Krav* i 1935.

Saka som gjaldt redaktør-sjikanane frå 1932, heng direkte saman med ei anna sak som både Røssland og Solumsmoen reknar som den aller første «eigentlege» saka som vart behandla av Det faglege utval. Røssland har nummerert saka som sak nr. 1/1932, og ho har den spennande tittelen: «Klage på [avisa] *Sørlandet* si skildring av 'svindelpredikant og svovelpredikant N.A.'» Klagen kom frå Hans Aarnes i avisa *Agder Tidend*, og resultatet av handlinga var at klagen vart avvist av Det faglege utval.¹⁴ Solumsmoen har også omtala saka om svindel- og svovelpredikanten og skriv:

I 1932 røk det opp til en heftig feide mellom bladet *Sørlandet*, Kristiansand, redaktør Olav Scheflo, og *Agder Tidend*, redaktør Hans Aarnes.¹⁵

Solumsmoen omtalar klagen som einskildståande hending, og refererer detaljert frå dokumenta i saka. Solumsmoen refererer vidare frå saksbehandlinga og siterer blant anna frå klagen til Hans Aarnes:

(...) eg gjeng ut frå at han [svovelpredikanten] er eit like verdifullt medlem av samfunnet som ein kommunistredaktør. Men dersom ein anonym innsendar skreiv slik um kommunistredaktøren som kommunistredaktøren no let den anonyme [innsendaren i *Sørlandet*] skrive um N. Abrahamsen, kva ville fagutvalet gjera då?¹⁶

Saka om svindel- og svovelpredikanten kjem i eit heilt anna lys når vi ser henne i samanheng med redaktør-sjikane-saka. Ikkje minst forstår vi meir av det tidlegare arbeidet i Det faglege utval når vi ser dei to sakene i samband med kvarandre. I dette perspektivet vert svindel- og svovelpredikant-saka meir å rekne som ein ettertanke enn ein enkeltståande «heftig feide».

Redaktør-sjikane-saka har ikkje tidlegare vore kjend eller omtala i avisene det gjaldt, eller i historiske verk om aviser eller pressefolk i Agder. Saka vil også bli sett i samanheng med aktørane i og omkring avisene i Kristiansand. Ikkje minst er Anders Langes rolle i aviser og politisk debatt på Sørlandet i dei aktuelle åra viktig.

I medieforskinga og i faghistoria har det vore retta lite merksemd mot den tidlege fasen av arbeidet med presseetikk og god presseskikk i Noreg, blant anna på grunn av mangel på kjelder. Når det så dukkar opp kjeldemateriale i ei til no ukjend sak, så kan det gi eit bidrag til presseetikken historie og utvikling i Noreg, men også til journalistikk- og medieutviklinga meir generelt.

Saka i seg sjølv er eit interessant døme på korleis Norsk Presseforbund vurderte og arbeidde med presseetikk i ein tidleg fase i historia om det presseetiske sjølvdomme-systemet. Dette var før utvalet eller Presseforbundet hadde fått retningslinjer eller reglar for saksbehandling.¹⁷

Røssland meiner det først er i 1938 at det faglege utvalet eigentleg blir formalisert som eit sjølvsten-dig utval, blant anna ved at hovudstyret i Norsk Presseforbund seier at funksjonstida skal vere tre år.¹⁸

I ein gjennomgang av dei første arbeidsåra til fagutvalet syner Røssland at den etiske debatten i all hovudsak handla om kriminaljournalistikken i pressa, og både prestar og advokatar kom med kritikk av avisene. Då den første Ver varsam-plakaten kom i 1936, handla den då også i hovudsak om kriminaljournalistikk.¹⁹

Det var få saker å bygge både plakat og prosedyrar på, så kanskje har redaktør-sjikane-saka hatt betydning. Men vi har ikkje kjelder som seier noko sikkert om det.

Det er mange spørsmål å stille i redaktør-sjikane-saka. Kva var forhistoria til saka? Kva gjekk klagen ut på? Korleis vart klagen behandla? Fekk klagen og fellinga i ettertid følgjer for presseetikken og for dei involverte aktørane? Desse spørsmåla skal vi gi svar på gjennom ein historisk og i hovudsak kronologisk presentasjon av saka.

Kjelder til redaktør-sjikane-saka

Som det går fram av innleiinga, er Olaf Solumsmoen's bok *Vær varsom redaktør : Norsk Presseforbunds faglige utvalg gjennom 50 år* ei viktig kjelde om Norsk Presseforbund og Det faglege utval i dei første åra. Solumsmoen (1896–1972) var i høgste grad ein representant for partipressetradisjonen med beina solid planta både i arbeidarprensa og i Arbeidarpartiet.²⁰ Thune reknar han som den aller første statleg tilsette pressetalsmannen, og denne jobben hadde han i åra 1948–1965.²¹ Etter regjeringsskiftet i 1965 vart Solumsmoen tilsett som den første faste sekretæren for Pressas faglege utval, og han tok då også på seg arbeidet med historieboka til Presseforbundet og Det faglege utval.

Forordet i boka om Norsk Presseforbund er ført i pennen av Vegard Sletten, dåverande formann i



Anders Lange fotografert ca. 1930. Ukjent fotograf. Publisert i Kvanmo (1993).

Norsk Presseforbund og mangeårig leiar i Norsk Journalistlag (1946–1949 og 1956–1962).²² Av forordet går det fram at det er Presseforbundet som har gitt Solumsmoen i oppdrag å skrive boka, og formålet er at boka «kunne bli til rettleiing både for pressefolk og andre om kva som er god presseskikk».²³

I arbeidet med boka gav Solumsmoen også ei vurdering av kjeldene i ein plan for arbeidet med boka: «Særlig for tidsrommet 1920 til 1935 er kildematerialet meget mangelfullt og må suppleres ved gjennomgåing av Norsk Presseforbunds protokoller fra denne tid.»²⁴

Røssland skriv at då Olaf Solumsmoen kom inn som sekretær for Norsk Presseforbund og Det faglege utval i 1965, så rydda han i arkivet, men samtidig vart det gjort endringar som framstår som inkonsekvante, så Røssland er usikker på kva kriterium Solumsmoen har nytta i arbeidet sitt.²⁵

Eit varsku av eit anna slag er at Solumsmoen også var tett involvert i det ein kan kalle eit slags tryggleiks-nettverk med pressefolk frå både Høgre og Arbeidarpartiet.²⁶ I kva grad slike nettverk eller bindingar har hatt betydning for historieskrivinga når det gjeld redaktør-sjikane-saka, er vanskeleg å vurdere i dag.

Røssland har i avhandlinga si gjort greie for korleis arkivet som gjeld Pressas faglege utval, har vorte bygd opp og utvikla av Norsk Presseforbund. Denne delen av Presseforbundets arkiv vart overlevert til Riksarkivet i 1995. Seinare har også andre delar vorte overlevert til Riksarkivet. Då Riksarkivet overtok arkivet i 1995, vart det også gjort ein stor ryddejobb.²⁷ Sakene som er arkiverte under «Pressens faglige utvalg», har i dag arkivkode «RA/PA-0938 Pressens Faglige Utvalg».

Kva kan ha skjedd med mappa om redaktør-sjikane-saka? Det er mest sannsynleg at saka fekk sin plass i arkivet før Riksarkivet tok over arkivet. Olaf Solumsmoen ser ikkje ut til å vere klar over saka. Han omtalar i alle fall ikkje saka i si 50-års historie om Pressas faglege utval, eller rettare sagt: åra 1929–1966.²⁸ Solumsmoen var pressemann og hadde ikkje bakgrunn som historikar eller arkivar, og arkivet til Presseforbundet ser ikkje ut til å ha vore godt ordna. Det mest trulege er at saksmappa rett og slett er blitt oversett. Og hendingar frå 1932 var neppe friskt i minnet hos aktørane i 1966.

Det er også mogleg at ei eventuell feilarkivering kunne ha skjedd då Riksarkivet rydda i materialet, men det verkar mindre sannsynleg at profesjonelle arkivarar har gjort ein slik eventuell feil.

Vurderingane i Pressas faglege utval var på denne tida innstillande for hovudstyret i Norsk Presseforbund, som tok endeleg avgjerd. Solumsmoen foreslo at protokollane til Presseforbundet også burde sjåast i samanheng med arkivet etter det faglege utvalet. I Riksarkivet finst det ei utklippsbok med tittelen «Norsk Presseforbunds styremøteprotokoll 1926–1939 (nr. 3)». Dette er ikkje ein tradisjonell styreprotokoll. Her er det nemleg mange utklipp frå tidsskrifta *Dagspressen* og *Journalisten* som omhandlar hovudstyremøta og landsmøta i Norsk Presseforbund, og dessutan ymse andre klipp og hefte som til dømes menyen på festmiddagen på landsmøta. Det kan sjå ut til at denne protokollen kanskje er rekonstruert ved hjelp av medieklipp. Vi ser også at det innimellom er supplerande informasjon, men det manglar utførleg referat frå styremøtet 13. januar 1931, der redaktør-sjikane-saka vart drøfta.

Redaktør-sjikane-saka bør reknast som ei PFU-sak fordi ho ser ut til å ha gjennomgått same prosedyren som andre samtidige og seinare PFU-saker: Den innklaga får høve til å respondere på klagen, saka blei

send på sirkulasjon til dei tre medlemmene av det faglege utvalet, som så gav si vurdering av saka, før saka blei endeleg avgjort av hovudstyret i Presseforbundet. Og vurderinga til hovudstyret vart deretter publisert i *Journalisten*. Det først var i 1936 at det faglege utvalet sine vurderingar berre skulle «forelegges hovudstyret til referat og ikke til godkjenning eller forkasting».²⁹

Med vår tids briller er det uventa at ei slik sak – den første felling – vart så kort omtala og ikkje følgd opp av *Journalisten*. Men fagbladet *Journalisten* dreiv knappast sjølvstendig journalistikk på denne tida og var helst eit meldingsblad.

Avgjerder i PFU og organa i Presseforbundet var blant meldingane *Journalisten* formidla, og interessant nok vart ikkje ein omtale i *Journalisten* rekna som allmenn publisering, men som ei intern melding i pressa. Det var først i 1949 at det vart opna for at avgjerder i PFU kunne offentleggjerast på anna vis enn i *Journalisten*.

Då Solumsmoen i 1966 kom med si 50-årshistorie for Pressas faglege utval, var det første gongen det breie publikum fekk tilgang til spørsmåla som fagutvalet hadde arbeidd med i dei første tiåra av Det faglege utval, og svindel- og svoel-predikant-saka frå 1932 vart då også omtala av somme aviser då boka til Solumsmoen kom ut i 1966.

Det er kanskje lojalitet overfor pressas interne regelverk som er den enkle forklaringa på kvifor dei aktuelle avisene på Sørlandet aldri omtala redaktør-sjikane-saka i spaltene sine.

Saka er heller ikkje nemnd i historiske verk om aviser og journalistar på Sørlandet.³⁰ Heller ikkje i biografiske omtalar av hovudpersonane i saka er det omtale av saka.

I samtida kan det sjå ut til at den einaste som omtala den pågåande saka, var Anders Lange sjølv. I ein artikkel i *Agder Tidend* 14. september 1931 (side 6) skreiv han at *Fædrelandsvennen* hadde pussa Norsk Presseforbund på han, men det var ikkje hovudsaka i artikkelen. Artikkelen til Lange handla om at *Fædrelandsvennen* ikkje ville ta inn innlegget hans.

Kjelder om Anders Lange og Fedrelandslaget

For å sette redaktør-sjikane-saka i ein større samanheng må vi også sjå på dei andre involverte aktørane og dei politiske og økonomiske samanhengane dei går inn i.

Anders Lange er den viktigaste einskildpersonen i dette bildet. Det er skrive fleire bøker om Anders Lange, men då er det først og fremst rikspolitikaren Anders Lange som har vore i sentrum i fleire bøker.³¹ Lange har også hatt ein naturleg plass i bøker om Framstegspartiet.³² Så personen Anders Lange har vist igjen og vekt interesse i den norske offentlege samtalen i snart 100 år.³³

Hans politiske «ungdom» på Sørlandet har i mindre grad vore i fokus i desse bøkene, og til dels har Anders Langes eiga framstilling av desse åra vorte lagt til grunn.³⁴ Men det kan sjå ut til at den eldre Lange er ikkje alltid ei påliteleg kjelde til den unge Lange.

Fedrelandslaget er heller ikkje eit mykje utforska fenomen i norsk politisk historie,³⁵ sjølv om laget i åra 1925–1935 kanskje hadde høgre medlemstal enn alle andre politiske organisasjonar i Noreg. Det viktigaste verket er nok Andreas Norlands bok *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk*.³⁶

Kjelder til avisene og redaktørane

Det finst noko litteratur om avisene i Kristiansand, og mest om *Fædrelandsvennen*,³⁷ som stod att som vinnar i aviskonkurransen i byen. I *Fædrelandsvennens* jubileumsavis på 101 sider i 1950 er korkje Anders Lange, Fedrelandslaget, *Agder Tidend*, Hans Aarnes eller Rieber-Mohn omtala i det heile. Og heller ikkje i 100- og 125-årsutgåva i år 2000 finn vi desse aktørane nemnde i særleg grad.³⁸

Det er ikkje skrive eigne verk om *Agder Tidend*, *Christianssands Tidende* eller avisa *Sørlandet*. I Norsk

presses historie er det korte ein-sides omtalar av dei tre avisene.³⁹

Denne mangelen på kjelder om avisene står i sterk kontrast til bruken av avisene som kjelder. Til dømes er det hundre- eller tusenvis av bøker og artiklar som har brukt dei fire avisene som kjelder i større eller mindre grad, men vi har altså mindre kunnskap om korleis avisene har arbeidd, og korleis innhaldet i avisene har vorte til.⁴⁰

Sentrale kjelder som styreprotokollane til *Christianssands Tidende* og *Agder Tidend* for dei aktuelle åra er tapte. Arkivet etter avisa *Sørlandet* er i Statsarkivet i Kristiansand, men denne kjelda er ikkje oppsøkt i samband med arbeidet med denne artikkelen.⁴¹

Når det gjeld dei fire einskildredaktørane, så har tidlegare redaktør av *Fædrelandsvennen* Egil Remi Jensen redigert ei bok om aviser og pressefolk på Sørlandet, og der alle fire er omtala.⁴² Derimot er ikkje Anders Lange eller Fedrelandslaget omtala i Jensens bok. Så var då heller ikkje Lange blant dei tilsette i *Agder Tidend*, men han var ein aktiv skribent og ei kjelde til aktuelt stoff.⁴³

I det politiske Noreg var den mest kjende av dei fire avisredaktørane utan tvil Olav Scheflo. Han hadde markert seg nasjonalt som pressemann og svært sentral politisk i Arbeidarpartiet og Norges kommunistiske parti før han i 1930 vart redaktør av *Sørlandet* på slutten av livet. Sonen Inge Scheflo har redigert ei bok om faren.⁴⁴

Anton Beinset er i ettertida langt meir kjend som mangeårig journalist og redaktør i *Dagbladet* enn for dei fire åra sine som redaktør i *Fædrelandsvennen*. Det meste vi finn av biografiske arbeid om Beinset, er lokalhistorisk orienterte skrifter frå Romsdal.⁴⁵

Hans Aarnes har heller ikkje fått ein eigen biografi, men fleire har omtala han i samband med arbeidet hans for nynorsk i aviser og journalistopplæring⁴⁶ og som forlagsredaktør og arbeidet med det nynorske leksikonet Allkunne.⁴⁷

Det har ikkje lukkast å finne kjelder som omtalar Rieber-Mohn utanom einskilte avisartiklar.

Eg har prøvd å avgrense det historiske fokuset i denne artikkelen til åra 1930–1932. Tre år er ikkje lenge i eit menneskeliv. Det er difor ikkje overraskande at det ikkje er mange kjelder om dei sentrale aktørane omkring akkurat denne tida. Men dei kjeldene som finst, og ikkje minst avisene dei redigerte, gir til saman eit tilfredsstillande kjeldetilfang.

Avisene i Kristiansand i 1930: eit fireblad-system

I 1930 var Kristiansand den sjetteste største byen i Noreg, med i 18 781 innbyggjarar. I Vest-Agder var folketallet 81 233. I 1920- og 1930-åra kom det ut fire dagsaviser med ulik politisk innretning i Kristiansand. Fakta om dei fire avisene er presenterte i tabellen nedanfor.

Fire tilbydarar tilbyr av nesten same avisproduktet i den same geografiske marknaden betydde også at konkurransen var hard, og den viktigaste skilnaden mellom dei fire avisene var den politiske linja til avisene.

I kapittelet «Et kupert politisk terreng» i boka *De satte det på trykk* fortel Oddvar Munksgaard⁴⁸ om harde tak i det politiske landskapet i Kristiansand og på Sørlandet, og at avisene og dei tilsette var aktive i det politiske arbeidet, kanskje særleg i avisa *Sørlandet*.

Korleis var samarbeidet mellom dei borgarlege partia i Kristiansand? Byen fekk ordførar frå Arbeidarpartiet i 1929, og ordførar Johan Øydegard arbeidde som faktor (leiar i trykkeriet) i avisa *Sørlandet*. Byhistorikar Joh. N. Tønnessen fortel om korleis Arbeidarpartiet fekk ordføraren i Kristiansand:

«Stemningen mellom de tre borgerlige partier [Høgre, Avholdspartiet og Venstre] var så kjølig at de ikke kunne enes om ordførerkandidat, og da hvert av bystyrets fire partier stemte på sin mann, ble resultatet at Johan Øydegard av Arbeiderpartiet ble valgt, da dette var det største.»⁴⁹

Det var altså ikkje nødvendigvis eit godt samarbeid mellom dei politiske partia, og avisene var ein viktig del av den politiske kampen.

I Vest-Agder hadde partiet Venstre over 20 prosent større oppslutnad enn landsgjennomsnittet. Arbeidarpartiet hadde tilsvarende mykje mindre oppslutnad, med meir enn 15 prosent lågare oppslutnad enn landsgjennomsnittet. For Høgre og Bondepartiet var det mindre skilnader i oppslutnad mellom Vest-Agder og landet elles.

For venstreavisa *Fædrelandsvennen* var det naturlegvis ein fordel at Venstre var det største partiet på Sørlandet. Både sidetal og tal tilsette i redaksjonen kan tyde på at *Fædrelandsvennen* hadde betre økonomi enn konkurrentane. Dette blir også nærast konstatert som eit faktum hos Jensen.⁵⁰ Betre økonomi gav *Fædrelandsvennen* høve til å tilsette fleire journalistar eller å kjøpe inn meir redaksjonelt stoff. For nøytrale lesarar ville det vere eit betre produkt – og i alle fall på laurdagar. Dette vert då også formidla i *Fædrelandsvennens* eiga historie, der det står at avisa fekk ein dominerande posisjon i annonsemarknaden i Kristiansand alt i mellomkrigstida, og dette vart berre forsterka i etterkrigstida.⁵¹

Tabell 1: Fakta om avisene på Sørlandet i 1931: *Fædrelandsvennen*, *Christianssands Tidende*, *Sørlandet* og *Agder Tidend*.

	<i>Fædrelandsvennen</i>	<i>Christianssands Tidende</i>	<i>Sørlandet</i>	<i>Agder Tidend</i>
Etablert	1875 ⁵²	1883	1906	1919
År avisa vart lagt ned		1975	1990	1985
Sosiale målgrupper og orientering	Venstre	«Sørlandets største liberal-konservative dagblad»	«Organ for Det norske Arbeiderparti» ⁵³	«Blad for bøndene, maal-folket, fraahaldsfolket og fiskarane paa Sørlandet» ⁵⁴
Politisk	Venstre	Høgre	Arbeiderpartiet	Bondepartiet
Oppslutnad for partiet, byar i Vest-Agder *)	40 %	29 %	30 %	**)
Oppslutnad for partiet, landdistrikt i Vest-Agder *)	37 %	18 %	17 %	28 %
Språkleg	Bokmål (og nynorsk)	Konservativt bokmål	Bokmål	Nynorsk (og bokmål)
Utgjevar	Johanesen & Tangen	Christianssands Aktieboktrykkeri ved S. Hartmann	Kristiansands Arbeiderparti	L/L <i>Agder Tidend</i>
Trykkeri	Johanesen & Tangen	Christianssands Aktieboktrykkeri ved S. Hartmann	Sørlandets Trykkeri	Agder Tidends Prenteverk ved Adolf E. Olesen ⁵⁵
Sidetel (laurdagar)	6–8 (12–16)	6 (8)	6 (8)	6 (6)
Pris på årsabonnement (kr)	16,00	16,00	16,00	16,00
Utgjeving, kl.	14.00	07.00	14.00	14.00
Redaktør 1931 (år starta og slutta)	Anton Beinset (1928–1932)	Christian F. Rieber-Mohn (1924–1932)	Olav Scheflo (1931–1939)	Hans Aarnes (1923–1932)
Tilsette i redaksjonen ***)	5	3	2	3

*) Gjennomsnittleg oppslutnad i stortingsvalet i Vest-Agder (1927, 1930 og 1933) for partia avisene støtta.

**) Bondepartiet stilte ikkje liste i byane.

***) Tal journalistar og redaktørar nemnde i *Pressefolk*.⁵⁶



Redaktør Hans Aarnes. Foto i Kristiansand Presse-
lags julehefte 1931

Christianssands Tidende omtalte seg sjølv som «liberal-konservativ» avis, men var altså høgrevavis og hadde ikkje minst eit konservativt språk. Redaktør Rieber-Mohn var riksmålsmann, og avisa var dermed skarpt profilert i språkpolitikken. Avisa hadde som andre høgrevaviser også støtte frå næringslivet i byen.

Arbeidarpartiets avis *Sørlandet* var einaste arbeidaravisa i Vest-Agder. Trine Jansen skriv at *Sørlandet* var å rekne som fylkesavis frå 1927.⁵⁷ I Aust-Agder var avisa *Tiden*⁵⁸ i Arendal også arbeidarpartiavis, men likevel formidla *Sørlandet* også mykje stoff om hendingar i Aust-Agder.

Agder Tidend profilerte seg som avis for bønder og fiskarar, men også på fråhaldssak og målsak.⁵⁹ Redaktør Aarnes hadde både starta og leia Norsk Bladmannelag, som var ein organisasjon for nynorske bladfolk. Dei to journalistane i avisa hadde begge gått på Bladmannelagsskolen, som Hans Aarnes hadde etablert som ei nynorsk journalistutdanning i Bergen i 1919.⁶⁰

Avisredaktørane – røynde pressefolk

Situasjonen i Kristiansand i 1931 var dermed at det kom ut fire aviser som alle var knytte til politiske parti som eigentleg ikkje var så ulike i oppslutnad. Alle dei fire avisene hadde

røynde redaktørar med fartstid eller karriere innanfor sine respektive politiske pressegrupperingar. Men det skulle også vise seg at tre av dei fire redaktørane slutta som redaktør i 1932 – under ulike omstende.

Kven var dei fire redaktørane? Kva rolle hadde dei i redaktør-sjikanen-saka? Og kvar blei det av dei? Olav Brunvand var sjølv journalist i *Sørlandet* i 1930-åra og skreiv at det var dyktige redaktørar i alle dei fire avisene i Kristiansand på denne tida:

«I de borgerlige avisene i Kristiansand satt noen av de skarpeste pennene i norsk presse på denne tiden, Rieber Mohn i Høyre-avisen, Anton Beinset i Venstre-avisen og Hans Aarnes i Bondeparti-avisen. Det kunne gnistre mellom dem fra tid til annen.»⁶¹

Eit anna samtidig vitne var journalist Sverre Opsal i *Sørlandet*, som i 1974 skreiv at det var «Fire fremragende redaktører» i Kristiansand i 1931.⁶²

Dei fire redaktørane er ikkje i særleg grad omtala i sentrale pressehistoriske verk,⁶³ men alle er omtala i Egil Remi Jensens bok om pressefolk på *Sørlandet*.⁶⁴ Vel var dei fire redaktørar i provinsen, men både byen og redaktørane var opptekne av dei store tinga i tida, og var på ulike måtar aktive både i den nasjonale og til dels internasjonale diskusjonen. Ja, heilt til Moskva.

Hans Aarnes, redaktør i *Agder Tidend* (1923–1932)

Sunnmøringen Hans Aarnes (1886–1960) var målmann og hadde brei erfaring frå avisdrift og språkpolitisk arbeid då han kom til *Agder Tidend* i 1923. Aarnes hadde skifta lojalitet frå Venstre til det nye Bondepartiet då han gjekk frå venstreavisa *Gula Tidend* til *Bondebladet* i Bergen/Voss. Aarnes hadde skipa Norsk

Bladmannelag, som arbeidde for nynorsk i aviser, og Bladmannaskulen – ei nynorsk journalistutdanning.⁶⁵ I arbeidet med journalistutdanninga hadde Aarnes også skrive fleire hefte om journalistikk og avisdrift – også om redaktørens rolle og ansvar.⁶⁶

Aarnes var også ein aktiv deltakar i den faglege debatten om aviser og journalistikk, blant anna gjennom innlegg i *Journalisten* og *Dagspressen*, og i *Agder Tidend*.⁶⁷

Både før og etter Aarnes si tid som redaktør var *Agder Tidend* ein støttespelar for Fedrelandslaget og Anders Lange ved at han fekk stor spalteplass i avisa.

Aarnes vart sparka som redaktør av *Agder Tidend* nokre få månader etter at avisa hadde blitt «felt» av Norsk Presseforbund i redaktør-sjikane-saka.⁶⁸ Det var neppe slik at denne saka førte til avskil, men ho var kanskje ei medverkande årsak.⁶⁹

Chr. I. Rieber-Mohn, redaktør i Christianssands Tidende (1924–1932)

Rieber-Mohn⁷⁰ (1891–1959) hadde heile sin yrkeskarriere innanfor høgrepressa og flytta frå Kristiansand i 1932 til *Hamar Stiftstidende*, der han arbeidde resten av livet.⁷¹

Rieber-Mohn hadde mange verv i norsk presse. Rieber-Mohn sat blant anna i Norsk Presseforbunds hovudstyre (1927–1931). Som medlem av hovudstyret i Norsk Presseforbund var Rieber-Mohn naturlegvis godt orientert om Det faglege utval.



Redaktør Chr. Rieber-Mohn, sen. Foto: I «Den konservative presses forening, 1892-1952», Petersen og Gotaas (1952).

Anton Beinset, redaktør i Fædrelandsvennen (1928–1932)

Anton Beinset (1894–1963) hadde sin yrkeskarriere som journalist innanfor venstrepressa. Beinset kom til *Fædrelandsvennen* frå ei stilling i venstre- og nynorskavisa *Den 17de Mai* i Oslo. Beinset hadde også vore aktiv i Norsk Bladmannelag saman med Hans Aarnes.

Beinset opplevde fire stormfulle år i *Fædrelandsvennen*, der han kom på kant med sørlandske merkesaker som kampen mot alkohol og for kristentru.⁷² Sverre Opsal skriv i eit tilbakeblikk at Beinset «(...) passet i grunnen ikke på Sørlandet».⁷³

I ein jubileumsartikkel for *Fædrelandsvennen* skreiv Anton Beinset beundrande om Scheflo og rekna han som ein ven – sjølv om dei politisk sett var motstandarar.⁷⁴ Jensen fortel om det same.⁷⁵

Frå 1936 og resten av yrkeslivet var han tilsett i *Dagbladet* og vart der ein svært profilert journalist og kommentator.

Olav Scheflo, redaktør i Sørlandet (1931–1939)

Olav Scheflo (1883–1943) vart tidleg engasjert i arbeidarrørsla, der det var få eller ingen grenser mellom politisk engasjement og journalistikk. Han arbeidde som journalist og redaktør i fleire arbeidaraviser rundt om i landet, og i 1920-åra var Scheflo ein markant politisk og leiande parlamentarisk i Arbeidarpartiet. Blant anna leia han i 1920 den norske delegasjonen til Komintern.

I åra 1923–1928 hørde han til kommunistfløya i arbeidarrørsla, men gjekk tilbake til arbeidarpartiet i 1928. Han hadde då ikkje lenger politiske posisjonar eller eit fast arbeid å gå til. I 1931 fekk han redaktørjobben i Kristiansand,⁷⁶ så det var altså ein svært røynd pressemann og politikar som kom til redaktørkrakken i avisa *Sørlandet*.

Scheflo vart verdskjend som vert og støttespelar for Trotskij den tida han var flyktning i Noreg. Og Scheflo heldt fram med å skrive skarpe kommentarar både om lokale og internasjonale spørsmål, med skarp brodd både mot nazistane og Stalin-kommunismen.⁷⁷ Haakon Lie formidlar anekdoten om at avisa *Sørlandet* var den einaste avisa som Kreml abonnerte på – og skriv at på eit møte i kommunistpartiet i Sovjetunionen i 1937 vart Scheflo skjelt ut av Stalin.⁷⁸

Dei fire redaktørane, oppsummert

Alle dei fire redaktørane arbeidde i mange ulike aviser mange stader i landet, men hadde yrkeskarrieren sin innanfor politisk definerte pressegrupper.

Ingen av dei fire redaktørane hadde gått på universitetet, og dei hadde dermed etter si tid vanleg skulegang. Aarnes og Beinset var målfolk og arbeidde i målpressa i starten av karrieren. For Aarnes var målarbeid meininga med livet. Beinset må ha trivest med å skrive bokmål både i *Fædrelandsvennen* og i *Dagbladet* i siste del av livet.

Både Aarnes, Beinset og Scheflo hadde bakgrunn frå små byar eller stader og heller små kår. Dei hadde i periodar i ungdomsåra vore sjømenn eller fiskarar. Men dei hadde i staden slått inn på ein karriere som skrivande menn, dels handla det kanskje om helse eller at dei av andre grunnar ikkje passa til eit liv på sjøen.

Høgreredaktør Rieber-Mohn skil seg ut ved at han hadde bakgrunn frå ein borgarleg familie i ein stor by som Bergen. Og det var ingen unaturleg bakgrunn for ein høgremann.

Poenget med desse små biografiane av dei fire hovudaktørane er å få fram at dei sjølve og avisene deira var ein del av eit større presse- og politisk system, der politiske haldningar og politisk arbeid var viktig for heile yrkeskarrieren, for arbeidet som journalistar og redaktørar.

Fedrelandslaget og Anders Lange kjem til Sørlandet

Fedrelandslaget vart etablert som eit tverrpolitisk borgarleg (anti-kommunistisk) initiativ i 1925, og Fedrelandslaget hadde i 1930 kanskje så mange som 100 000 medlemmer og var i så fall den største politiske organisasjonen i landet. Fedrelandslaget arbeidde hardt fram mot stortingsvalet i 1930, der målet var å mobilisere mot Arbeidarpartiet, som hadde vunne valet i 1927.⁷⁹

I det nasjonale bildet var Fedrelandslaget ei rørsle som rett nok hadde Arbeidarpartiet og kommunistane som hovudmotstandar, men samtidig var det ei politisk rørsle som også var vanskeleg å forhalde seg til for dei etablerte borgarlege partia Høgre og Venstre. Dei var nok redde for at Fedrelandslaget skulle vekse fram som eit nytt parti.

For dei etablerte partia skremte nok spora frå Venstre. Venstre hadde opplevd fleire splittingar, og den første var kanskje Arbeidarpartiet. Eit kjent sitat frå Olav Scheflo er at arbeidarrørsla var «Venstres ektefødte barn».⁸⁰ Men seinare vart Venstre også splitta gjennom Frisinnede Venstre, og i endå større grad i 1921, då Landmandspartiet vart etablert og seinare tok namnet Bondepartiet. Og i 1933 vart Kristeleg Folkeparti etablert.

Høgre på si side opplevde nok også Frisinnede Venstre som ein konkurrent om veljarane, men før Fedrelandslaget voks fram, hadde ikkje Høgre hatt konkurrentar på høgrefløya. Eigentleg var det først med framveksten av Anders Langes Parti / Framstegspartiet 40 år seinare at Høgre fekk slik konkurranse.

Nasjonalt ønskte Fedrelandslaget ein borgarleg allianse med front mot Arbeidarpartiet og kommu-

nistane. Men dei borgarlege partia var delvis usikre, delvis skeptiske og delvis kritiske til Fedrelandslaget. Bondepartiet vart rekna som partiet som var mest ope for samarbeid med Fedrelandslaget.⁸¹

Så av dei fire avisene i Kristiansand var Bondepartiets *Agder Tidend* avisa som ein skulle vente var mest open for Anders Lange og Fedrelandslaget, og det viste seg då også i praksis å vere slik.⁸²

Fedrelandslaget tilsette våren 1930 Anders Lange⁸³ som regionsekretær for Sørlandet.⁸⁴ Denne stillinga skulle han ha fram til 1935. I 1935 vart han vald til «riksleder» for Ungdomsfylkingen i Fedrelandslaget⁸⁵ og arbeidde deretter i Oslo. I 1938 slutta han i Fedrelandslaget.

I desse åra reiste Anders Lange rundt på Sørlandet og heldt talar, arrangerte stemne og deltok både i den politiske debatten og til dels i fysiske slagsmål. Lange var ein svært aktiv mann i det politiske livet i desse åra, også i avisspaltene i regionen.

Norland skriv blant anna dette om Anders Lange og arbeidet på Sørlandet:

Når det til tider gikk nokså hardt for seg på Sørlandet, var grunnen ikke bare at Fedrelandslaget der hadde den kampglade Anders Lange som sekretær, selv om dette nok spilte en rolle. Atmosfæren på Sørlandet var nokså opphetet. Olav Schefflo var blitt redaktør av «Sørlandet» i Kristiansand [i 1931]. I tillegg til Schefflo og «Sørlandets» redaksjon bidro også andre momenter til bitre motsetninger, blant annet byggingen av Sørlandsbanen [1920–1938], som hadde trukket mange anleggsarbeidere.⁸⁶

I Norlands historieskriving kan det sjå ut til at sosialismen kom til Sørlandet i 1920-åra nærast som importvare. Men det høyrer med til bildet at Arbeidarpartiet vart skipa i Arendal i 1887 som direkte konsekvens av Arendalskrakket, så arbeidarrørsla var til stades på Sørlandet lenge før Sørlandsbanen vart bygd.

Som politisk agitator spelte Lange på eit stort register og brukte ei rekke verkemiddel. I tillegg til å skrive vanlege lesarbrev med meningsyttringar skreiv Lange også om andre spørsmål i avisene. Han deltok i den politiske debatten, både i lesarbrev, men også ved å delta på debattmøte. Og desse kunne også bli omtala i avisa.

Den store aktiviteten førte også til aviskommentarar frå både tilhengarar og motstandarar. Han både arrangerte og deltok i politiske møte og kombinerte det gjerne med å kåsere og syne fram lysbilde frå åra sine i Argentina. Fedrelandslaget arrangerte også studiesirklar.

Lange og Fedrelandslaget i avisene i Kristiansand

Kva gjennomslag fekk Fedrelandslaget og Anders Lange i avisene i Kristiansand?

I tabell 2 er det presentert tal for kor ofte Anders Lange eller Fedrelandslaget vart omtala i avisene i Kristiansand i åra 1929–1938. Summen for dei ni åra frå 1929 til 1938 er over 1000 avisutgåver, og dermed fleire artiklar, sidan det kunne vere fleire omtalar i same avisutgåva. Kor omfattande var omtalen av Anders Lange samanlikna med andre aktørar? Vi kan få eit visst inntrykk av det ved å samanlikne med talet på omtalar av Gabriel Moseid (Bondepartiet). Moseid var kanskje den fremste parlamentarikaren på Sørlandet desse åra. Moseid sat på Stortinget i 35 år frå 1918, og også hadde ei rekke framskotne verv, blant anna var han lagtingspresident 1934–1940.⁸⁷ Men Moseid vart omtala berre halvparten så ofte i avisene i Kristiansand som Anders Lange.⁸⁸ Så vi kan trygt seie at Anders Lange var svært synleg i mediebildet og den politiske debatten på Sørlandet.

Vi ser også at Fedrelandslaget og Lange fekk særleg mange omtalar i 1930. Dette var eit valår, og Fedrelandslaget hadde lagt inn store ressursar og var kanskje på sitt toppnivå. I åra 1931–1932 var det dårlege relasjonar til avisene, med unntak av *Agder Tidend*, og dermed færre omtalar. Men i 1932 slutta

dei Lange-kritiske redaktørane både i *Fædrelandsvennen* og i *Christianssands Tidende*. Nye redaktørar er ei nærliggande forklaring på at Fedrelandslaget og Lange fekk mykje meir spalteplass – truleg også fordi både 1933 og 1936 var valår.

Det ser ut til at det første referatet frå eit politisk møte som Anders Lange heldt, kom på trykk i *Agder Tidend* 23. desember 1929. I referatet vart det lagt vekt på at Lange var frustrert over at han ikkje fekk lesarbrev på trykk i avisa *Sørlandet*.

I januar 1930 refererte *Agder Tidend* frå eit nytt politisk møte der Anders Lange klaga over at han heller ikkje fekk innlegg eller annonsar på trykk i *Christianssands Tidende*. På dette møtet deltok også redaktør Rieber-Mohn i *Christianssands Tidende*, og redaktørens svarte at han «gav ikkje stort for Fedrelandslaget. I norsk politikk spela laget ei liti rolla».⁸⁹

Tabell 2: Avisutgåver der Anders Lange eller Fedrelandslaget er omtala i avisene i Kristiansand (1929–1938). Årstal med stortingsval er utheva. *)

	1929	1930	1931	1932	1933	1934	1935	1936	1937	1938	I alt
<i>Agder Tidend</i>	45	117	114	106	99	93	100	76	28	17	795
<i>Fædrelandsvennen</i>	19	91	37	45	71	68	58	65	22	10	153
<i>Christianssands Tidende</i>	30	44	21	36	77	86	60	44	12	7	119
<i>Sørlandet</i> **)	0	0	18	25	66	69	52	61	12	13	102
I alt	94	252	190	212	313	316	270	246	74	47	1169
Fase ***)	Valkamp		«Boikott»		Nye redaktørar			Lange flyttar			

Kjelde: Nasjonalbibliotekets avisdatabase. Søketerm: [«Anders Lange» OR Fedrelandslaget OR Fædrelandslaget OR Fe-laget]. *Christianssands Tidende* skreiv ofte «Fædrelandslaget», medan *Sørlandet* gjerne omtalte organisasjonen som «Fe-laget». Anders Lange skreiv også ofte i avisene under eige namn, men utan å nemne organisasjonen der han var tilsett.
*) Merk at tala tabellen referer til avisutgåver der minst eitt av søkeorda er representert. Det kan altså vere fleire artiklar i same avisutgåve som omhandlar Fedrelandslaget eller Anders Lange, eller dei kan vere omtala fleire gonger i same artikkelen.
**) *Sørlandet* for 1929, 1930 og andre halvår 1931 er ikkje digitalisert i Nasjonalbiblioteket per januar 2025.
***) Med «Fase» er det her referert til sentrale hendingar for Fedrelandslaget og Anders Lange, særleg i relasjon til avisene i Kristiansand.

Nokre dagar seinare fekk Anders Lange likevel på trykk eit «Aabent brev» i *Christianssands Tidende*. Der fekk han først gjere greie for Fedrelandslagets program, men hovudærendet var å kritisere redaktør Rieber-Mohn for å ignorere eller motarbeide Fedrelandslaget: «Kort sagt derfor opfører De Dem som en typisk representant for pressediktaturet.» Redaktør Rieber-Mohn fann det naudsynt å utstyre innlegget med ein redaksjonell «hale». Der skreiv Rieber-Mohn at innlegget frå Lange var eit «sammensurium av smukke fraser, bevisst usandhet, uvederheftighet og vrøvl saa karakteristisk for hr. Lange som taler og skribent (...)».⁹⁰ Eit anna døme på dette er eit innlegg Rieber-Mohn skreiv i *Agder Tidend* der han imøte-gjekk påstandar frå Anders Lange og brukte ord som «tøv» og «ondskapsfull misforstaaelse» om eit innlegg Lange hadde fått inn i *Agder Tidend*.⁹¹

Denne avvisande haldninga til Fedrelandslaget står i ein viss kontrast til eit sitat i verket *Høyres historie*, der Rieber-Mohn vart sitert på at han i mars 1930 meinte at Høgre kunne vere litt meir avslappa overfor Fedrelandslaget.⁹² I eit historieverk om Den Konservative Presses Forening (DKPF) er Rieber-Mohn ein



Fedrelandslaget samla til møte, truleg i 1933 då lagets ungdomsavdeling tok i bruk grå, uniformsliknande skjorter med belte, slips og logo. Anders Lange sit lengst til høgre i fremste rekke. Bildet er henta frå bildesamlinga MARCUS (UiB) og fotograf er Thorstein Knutson Samland.

av dei som er oftast sitert, og korleis høgrepressa skulle forhalde seg til Fedrelandslaget, var tema fleire gonger. I 1928 og 1929 var presseforeininga klar på at dei skulle forhalde seg kjølig til Fedrelandslaget og ikkje «innta reklamenoter eller artikler frå Fedrelandslaget».

Det kan altså sjå ut til at Rieber-Mohns offisielle haldning var i tråd med partiets avstandstaking – eventuelt at han hadde eit personleg motsetnadsforhold til Lange, men at han kunne tenkje seg at Høgre var opnare for Fedrelandslaget.

Både i Høgres historie⁹³ og i Fedrelandslagets historie⁹⁴ kjem det fram at det internt i Høgre var skepsis til Fedrelandslaget. Fedrelandslaget prøvde – og fekk – finansiering frå næringslivet.⁹⁵ Det var pengar som Høgre gjerne skulle hatt. C.J. Hambro var på si side aktiv i motsett retning og prøvde å overtyde næringslivet om at det berre var Høgre som var eit truverdig politisk parti.⁹⁶ Vidare ønskte Høgre sentralt at avisene som støtta partiet, skulle ignorere Fedrelandslaget og ikkje omtale laget eller ta inn annonsar om møte og andre arrangement.⁹⁷ Fedrelandslaget skulle «ties i hjel i partipressen».⁹⁸

Så lenge Rieber-Mohn var redaktør i *Christianssands Tidende*, ser vi at det var klart mindre omtale av Anders Lange og Fedrelandslaget i avisa enn i *Agder Tidend* og *Fædrelandsvennen*. Men *Christianssands Tidende* trykte i alle fall nokre gonger møteannonsar frå Fedrelandslaget.

Fedrelandslaget skreiv sjølv i si oppsummering av «tusendagars-valkampen» i 1930 at Arbeidarpar-

tiet etter kvart fann ut at dei ikkje ville møte Fedrelandslaget til debattmøte «(...) da de ikke ville gjøre reklame for Fedrelandslaget».⁹⁹ Så det var ikkje å vente at *Sørlandet* skulle skrive noko særleg om dei.

1930: Valsiger og boikott-konflikt

Stortingsvalet i 1930 vart gjennomført 20. oktober og vart eit stort nederlag for Arbeidarpartiet og ein siger for dei borgarlege partia ved at valet vart ei mobilisering mot Arbeidarpartiet, også på Sørlandet. *Arbeidernes leksikon* skriv at det ikkje var tvil om at Fedrelandslagets aktivitet ved valet i 1930 «bidrog til å fremkalle det parlamentariske nederlag som arbeiderklassen blev tilføiet».¹⁰⁰

I lesarbrev i *Agder Tidend* og i *Fædrelandsvennen* etter valet fekk Fedrelandslaget og Anders Lange skryt for innsatsen før valet.¹⁰¹

Men var det god stemning på borgarleg side og i Fedrelandslaget i Kristiansand hausten 1930, så skulle det brått snu nokre veker seinare.

I slutten av oktober 1930 skreiv avisene i Kristiansand om eit brev («cirkulære») som Fedrelandslaget hadde sendt til næringslivet i Kristiansand. Brevet vart oppfatta som at Fedrelandslaget meinte at *Christianssands Tidende* og *Fædrelandsvennen* hadde ignorert Fedrelandslaget før valet, og framheva *Agder Tidend* som ein betre samarbeidspart. *Christianssands Tidende* og *Fædrelandsvennen* reagerte skarpt og oppfatta brevet frå Fedrelandslaget som ei oppmoding til annonseboikott. *Christianssands Tidende* kalla brevet «det første kvælningsforsøk». Og i tillegg skreiv avisa:

Vi er bekjendt med, at en utsending fra Fædrelandslaget i god tid før det netop stedfundne valg aabenlyst har agitert med, at i Vest-Agder landdistrikt har høyre utspillet sin rolle og at alle borgerlige kræfter i dette fylke burde konsentreres om at hjælpe frem bondepartiet og venstre.¹⁰²

Dagen etter heldt avisa fram med ein ny artikkel om same saka.¹⁰³

Eit par dagar etter kom det ein notis i *Christianssands Tidende* om at det ikkje var Anders Lange som i avisa dagen før hadde vore «en utsending fra Fedrelandslaget» som hadde oppmoda folk til ikkje å røyste på Høgre. Anders Lange etterlyste fleire gonger namnet på kven som skulle ha sagt dette, men det ser ikkje ut til at han fekk svar.¹⁰⁴

Agder Tidend skreiv også 27. oktober 1930 at *Fædrelandsvennen* hadde gått til åtak på Anders Lange (og Th. Hanisch jr.) og ført fram den «lygnaktige paastand» at *Agder Tidend* hadde gitt Fedrelandslaget all ære for valresultatet. På same stad trykte *Agder Tidend* eit brev som Anton Beinset i *Fædrelandsvennen* hadde sendt til Fedrelandslagets landsstyre. I brevet frå Beinset stod det:

Hans [Anders Langes] vesen og særlig hans mangel paa balanse og grenseløse selvoptatthet har lagt ham store hindringer i veien for et fruktbringende arbeid.

Vidare meinte også *Fædrelandsvennen* og Beinset at Anders Lange hadde oppmoda til annonseboikott av *Fædrelandsvennen*. Og konklusjonen til *Fædrelandsvennen* var at:

Saalenge Anders Lange og den annen underskriver av dokumentet, Th. Hanisch jr., har noe med Fedrelandslaget paa Sørlandet aa bestille, eksisterer ikke Fedrelandslaget for oss.¹⁰⁵

På same sida i avisa formidla også *Agder Tidend* at «'Christianssands Tidende' danser etter» i vurderinga av at Fedrelandslaget oppmoda til annonseboikott.¹⁰⁶

Dagen etter, 28. oktober 1930 bad redaktør Beinset om at *Agder Tidend* dokumenterte at «'Fædrelands-

vennen' syner tvo andlit og talar med tvo tungor». *Agder Tidend* drog då fram eit sitat der *Fædrelandsvennen* kommenterte valresultatet og meinte Fedrelandslaget hadde «gjort godt i mange bygder». ¹⁰⁷ Men dagen etter sende altså Beinset i *Fædrelandsvennen* det aktuelle brevet til landsstyret til Fedrelandslaget. ¹⁰⁸

Fekk dette følgjer for omtalen av Fedrelandslaget og Anders Lange i *Fædrelandsvennen* og *Christianssands Tidende*?

Sett frå Anders Langes side hadde *Christianssands Tidende* og *Fædrelandsvennen* gått frå å vere «kjølige» til å bli motstandarar av Fedrelandslaget. Sett frå avisenes side hadde Lange no vorte ein støttespelar for *Agder Tidend*, ikkje berre gjennom å skrive i avisa, men også ved å oppmode næringslivet til å annonsere meir i *Agder Tidend*. I kva grad brevet og diskusjonen førte til endra annonsering i avisene i Kristiansand, har ikkje vorte undersøkt her.

Men det var også delte meiningar om «cirkulæret» internt i Fedrelandslaget. I eit møtereferat i *Agder Tidend* frå ungdomsorganisasjonen til Fedrelandslaget går det fram at det også var intern kritikk av brevet frå Fedrelandslaget. Anders Lange på si side ville ikkje ta imot kritikk for dette brevet, så det kan kanskje sjå ut til at det var han som hadde sendt det. ¹⁰⁹

Men samrøret mellom *Agder Tidend* og Fedrelandslaget viste seg også på andre måtar. Både Hans Aarnes og andre frå redaksjonen i *Agder Tidend* deltok på møte saman med Anders Lange. ¹¹⁰

Anders Langes redaktør-«chikane»

I juni og juli 1931 skreiv så Anders Lange dei to innlegga i *Agder Tidend* som førte til saka i Det faglege utval. I innlegga kom Lange med karakteristikkar av to av avisredaktørane på Sørlandet som eit ledd i pågåande debattar om aktuelle spørsmål.

Kva var det som stod i dei to lesarbrev?

Lesarbrev 1: Rieber-Mohn, 6. juni 1931: Chr.sands Tidende og Grønlandssaken

Morgonavisa *Christianssands Tidende* hadde 6. juni ein artikkel med brodd mot «Ishavsraadets forkjempere» i Grønlandssaka. I den siste setninga i artikkelen stod:

Grønlandssaken er for alvorlig til at benyttes i reklameøiemed av personer, som endnu ikke har overvundet sin politiske hvalpesyke. ¹¹¹

Same ettermiddag stod det svar frå Lange på trykk i *Agder Tidend*, og det hadde tittelen «Chr.sands Tidende og Grønlandssaken». ¹¹² I artikkelen kritiserte Anders Lange *Christianssands Tidendes* syn i grønlandssaka. Men det var setningane som gjekk mest direkte på redaktør Rieber-Mohn, som vart kritiserte i ettertid:

Man maa uvilkaarlig være enig med ishavsforfatteren Lars Hansen i hans karakteristikk av Chr. Tidendes ansvarlige leder. Lars Hansen utalte at der ikke bare var et politisk slektskap mellom Hambro og Tidendes redaktør [Rieber-Mohn]. Dette er forøvrig synlig for all verden. (...) Maatte redaktøren av Chr. Tidende for engangs skyld forsøke aa orientere sig som nordmann.

Kva betyr dette, og korleis skal det forståast i si samtid? Anton Beinset skreiv ei forklaring på referansen til Lars Hansen ¹¹³ i eitt av breva som vart lagde ved saksutgreiinga i Norsk Presseforbund. Avisa *Folke-tanken* (Risør) hadde i desember 1930 trykt eit referat frå eit møte der dei la hovudvekta på at innleiar

Lars Hansen var så full at han ikkje fekk sagt så mykje. Men han hadde kara seg opp på talarstolen og sagt at jødane hadde skulda for at Noreg ikkje nådde fram med sine synspunkt i Nordishavet, og peika så på redaktør Rieber-Mohn, som han meinte var jøde.¹¹⁴

Anders Lange gjorde altså Hansens utsegn til si eiga då han eit halvt år etterpå sette likskapsteikn mellom Hambro og Rieber-Mohn og sa at redaktør Rieber-Mohn i det ytre likna på Hambro. Det fører fram til den eigentlege budskapen frå Lange: Hambro var av jødisk slekt,¹¹⁵ og Rieber-Mohn likna i det ytre på Hambro og meinte det same som Hambro i grønlandssaka. Og Lange understrekar budskapen i siste setninga med oppmoding til redaktør Rieber Mohn om å «orientere sig som nordmann».

Grønlandssaka hadde i fleire tiår vore ei vanskeleg sak både i norsk politikk og i forholdet til Danmark. Dei nasjonale kreftene i Noreg såg på Grønland som norsk land som hadde gått tapt i forhandlingane i 1814, så dette var ein gammal urett som burde ordnast opp i når Noreg sidan 1905 hadde vore ein sjølvstendig stat. Norske næringsinteresser hadde også interesser på og ved Grønland. Våren 1931 handla den norske diskusjonen blant anna om Noreg skulle halde fram forhandlingane med Danmark eller gå til okkupasjon. Striden toppa seg den 29. juni 1931 då det vart kjent at private aktørar i Noreg hadde «okkupert» delar av Aust-Grønland.¹¹⁶ Dette var altså den mest aktuelle og brennbare politiske saka i Noreg sommaren 1931.

C.J. Hambro var parlamentarisk leiar og på mange måtar den sterke mannen i Høgre det meste av mellomkrigstida, og han var også stortingspresident nesten samanhengande frå 1925 til 1945.¹¹⁷ I grønlandssaka var det vel kjent at Hambro var ein tydeleg tilhengar av forhandlingslinja, noko som gjorde dei meir radikale tilhengarane av okkupasjonslinja forbitra. Anders Lange kalla då også Hambro for «Grønlandshateren» i den aktuelle artikkelen.

Fedrelandslaget hadde ikkje tidlegare vore spesielt oppteke av grønlandssaka eller vore tilhengar av okkupasjon, blant anna fordi Fridtjof Nansen var imot okkupasjon. Nasjonalikonet Nansen var også ein av grunnleggarane av Fedrelandslaget. Men då Nansen døydd i 1930, fekk Fedrelandslaget ein ny politikk og vart ein ivrig støttespelar for grønlandssaka.¹¹⁸ Ida Blom noterer også at dei nasjonale sidene ved grønlandssaka passa bra med Fedrelandslagets idear.¹¹⁹

Hambro var også den fremste motstandaren av Fedrelandslaget internt i Høgre,¹²⁰ så Hambro var nok også difor eit naturleg mål for Anders Lange.

Hambro-biograf Iselin Theien¹²¹ skriv at under grønlandsstriden vart Hambros jødiske bakgrunn dregen fram av somme meiningsmotstandarar, kanskje mest av «venstrenasjonalistar».¹²² I ei bokmelding av biografien til Theien blir det etterlyst grundigare arbeid på akkurat dette punktet.¹²³

Eit søk i Nasjonalbibliotekets avisdatabase på Hambro og jøde eller jødisk¹²⁴ gir ikkje mange resultat. Men spreidde treff tyder på at det var kjent at Hambro var av jødisk slekt, sjølv om dette berre sporadisk vart drege fram som eit viktig poeng eller noko som kunne reknast som problematisk.

Mest sitatvennleg er kanskje ein artikkel i *Arbeiderbladet* frå september 1930. Avisa siterer *Helgeland Arbeiderblad*, som har publisert eit møtereferat der Hambro har tala, og avisa skriv blant anna: «Inn i foredragslokalet kommer to korpulente herrer. (...) Blikket i de mørke øine taler sitt tydelige sprog om jødisk avstamning. (...) Applaus fra Luther-sinnede kristne setter punktum.»¹²⁵ Men denne artikkelen framstår som eit unntak.

I fleire oppslag i norske aviser i juni 1931 vart den tyske avisa *Völkische Beobachter* sitert på at Hambro var av «engelsk-jødisk avstamning» i lag med mange andre påstandar om jødar i Noreg. *Dagbladet* var blant avisene som siterte påstandane, men forsynte dei med overskrifta: «Vanvittig tysk nazi-skrøne om 'jødeveldet' i Norge. Merkelige 'avsløringer' om 'Dagbladet', statsråd Oftedal, Hambro og mange, mange andre.»¹²⁶ Seinare på året publiserte mange aviser at *Norsk slektshistorisk tidsskrift* hadde kome ut med ei

ny utgåve, der det blant anna vart gjort greie for slekta til Hambro.¹²⁷ Men hovudinstrykket er at norske aviser ikkje brydde seg særleg om Hambros slektshistorie.

Lesarbrev 2: Scheflo, 14. juli 1931: Kommunistene og kronprins Olav

Det andre innlegget stod på trykk i *Agder Tidend* 14. juli 1931 og var retta mot redaktør Olav Scheflo i Arbeiderparti-avisa *Sørlandet* og hadde tittelen «Kommunistene og kronprins Olav».¹²⁸ Anders Lange meiner Scheflo i ein artikkel 10. juli 1931 hadde vore nedlatande overfor kronprins Olav, som hadde vore på segltur på Sørlandet.¹²⁹

Lange meinte at båtliv var viktig for folk flest på Sørlandet, og at trønderen Scheflo ikkje hadde forstått dette. Men han heldt så fram med å seie at Scheflo hadde «maanedlige vinmonopolreiser» og at han var «ualmindelig anerkjent og respektert» når det gjaldt å «svinge pokaler». Meir direkte på Schefflos kropp og helse var denne setninga:

Scheflo bør aldeles ikke gi sig vondt fra sig fordi hans egne legemlige fortrinn ikke egner seg for seiling.

Scheflo hadde det meste av livet ein kronisk og smertefull giktjukdom som svekte og etter kvart invalidiserte han. Han hadde til tider store problem med å fote seg og måtte arbeide sengeliggende.¹³⁰

Kva handla reisene til Vinmonopolet om? Scheflo var styremedlem i Vinmonopolet AS, han tok båt til styremøta i Oslo og var då borte ei veke i slengen.¹³¹ Ut frå samanhengen er det ikkje godt å vite om lesarar flest kopla dei «månadlege reisene» til styrevervet, eller om det vart oppfatta som ein påstand om at Scheflo var drikkfeldig. Men *Agder Tidend* var også ei klar fråhaldsavis, og fråhaldsspørsmål var svært viktige på Sørlandet.

Klage frå Kristiansands Presselag

Det stod altså to lesarbrev på trykk i *Agder Tidend*, der redaktørane i to andre aviser i byen vart omtala. Redaktøren i den fjerde avisa var Anton Beinset i *Fædrelandsvennen*. Han reagerte på vegner av dei to uthengde redaktørane og fekk med seg styret i Kristiansands Presselag på at saka burde klagast inn for Norsk Presseforbund.

Kva slags organisasjon var Kristiansands Presselag? Kristiansand var eit lokallag i Norsk Presseforbund, og hadde altså både redaktørar og journalistar som medlemmer. I Norsk Presseforbunds historie for åra 1910–1935¹³² er historia til Kristiansands Presselag for åra 1926–1935, og der fokus for det meste er på hyggelege samkomer. Klagesaka frå 1931 var ikkje omtala i det historisk oversynet.

Protokollane frå Kristiansands Presselag frå denne tida gjekk tapt saman med alt av arkivalia då avis-huset til *Fædrelandsvennen* vart sprengt i lufta og brann ned i 1972.¹³³

I ein artikkel i *Fædrelandsvennen* av Sverre Opsal (1974)¹³⁴ står det om oppmøte i møta i Kristiansands Presselag: «Mens Beinset og Rieber-Mohn var flittige til å møte på presselagets møter, så vi mindre til Aarnes.» Jensen skriv også om eit godt personleg forhold mellom Anton Beinset og Olav Scheflo.¹³⁵ I Norsk Presseforbunds historie frå 1935 går det fram at møta i Kristiansands Presselag vart haldne på laurdagskveldar og kunne halde på til seint på natta. Og møta baud på kaldtbord, hummarfat og pils eller raudvin.¹³⁶ Kanskje ikkje det rette miljøet for Aarnes, som redigerte ei fråhaldsavis? Så kanskje var Beinset og Rieber-Mohn meir kjende med kvarandre – og treivst i kvarandres selskap – enn det Aarnes gjorde?

I saksmappa i Riksarkivet er det utskrift av møteprotokollen i presselaget med vedtak i redaktør-sjikane-saka:

Kristiansands Presselag hadde møte 16. juli [1931] hvor da blev behandlet sak 1, i utskrift etter protokollen:

Sak 1: Artikler i *Agder Tidend* av Anders Lange om pressefolk. Viceformannen [Anton Beinset] fremla en artikkel i *Agder Tidend* den 6. juni iaar og en artikkel i *Agder Tidend* den 14. juli iaar av Anders Lange, den første med personlig chikane mot redaktør Rieber-Mohn og den siste med personlig chikane mot redaktør Olav Scheflo.

Følgende forslag blev vedtatt enstemmig:

Viceformannen bemyndiges til aa sende de to artiklene inn til Norsk Presseforbunds fagutvalg med henstilling om aa be *Agder Tidends* redaktør avstaa fra aa innta denslags usømmelige og for pressens anseelse nedbrytende artikler om pressefolk. En avskrift av skrivelsen til fagutvalget sendes samtidig redaktør Aarnes.

Efter bemyndigelse skal jeg samtidig oplyse at naar styret finner aa maatte gaa til dette skridt, er det fordi at vedkommende forfatter i høi grad er egnet til aa lage fler saanne skandaleartikler, og med vaart kjennskap til forholdene hernede finner vi at det i høi grad er egnet til aa dra pressen nedover. Det har vakt almindelig forbauselse at *Agder Tidend* vil ta disse artikler inn, og man finner at den mest hensiktsmessige maate aa stanse denne trafikk paa er aa be fagutvalget om aa gripe inn.¹³⁷

Det går ikkje fram av protokollen kva styremedlemmer som var med på avgjerda om å klage saka inn for Norsk Presseforbund, men Hans Aarnes skreiv i løpet av klagesaka at styremedlemmene som gjorde vedtaket i tillegg til Beinset i *Fædrelandsvennen*, var redaksjonssekretær Jensen i *Christianssands Tidende* og redaksjonssekretær Opsal i avisa *Sørlandet*. Styreleiar var redaksjonssekretær Magnus Breilid i *Agder Tidend*, men han var på ferie. Beinset protesterte ikkje på denne framstillinga av saka i seinare brev, så det er truleg at dette stemmer.

Kva betyr chikane?

I klagen frå Kristiansands Presselag er det omgrepet chikane, eller sjikane som vi skriv i dag, som er nytta som skildring av dei to lesarbreva. Sjikane er ikkje eit så innarbeidd juridisk omgrep som til dømes ærekrenking, injuriar eller krenking av privatlivets fred.¹³⁸ Det næraste vi kjem, er kanskje «sjikanerende oppførsel», som i dag vert oppfatta som vedvarande eller systematisk plagsam oppførsel.

I norske ordbøker vert sjikane i dag definert som «(småleg personleg) forfølging, krenking, spott»,¹³⁹ i *Norsk etymologisk ordbok* som «krenkelse, smålig forfølgelse»¹⁴⁰ og som «ubehagelighet, fortredelighet som man blir utsatt for (som ledd i forfølgelse)».¹⁴¹ Denne tydinga er nokså lik ordforklaringa i *Arbeidernes fremmedordbok* frå 1931, der det står «(...) smålig knep og forfølgelse. Chikanère, ergre, drive smålig forfølgelse».¹⁴² Også i eit samtidig leksikon vert sjikane definert som «(...) forulemping ved å erte, håne eller lage ubehageligheter.»¹⁴³

I det presseetiske systemet finn vi heller ikkje sjikane brukt som eit relevant omgrep i regelverket eller i presseetiske vurderingar i nyare tid. Men ofte vil dei som framfører klagane, hevde at mediebodskapar inneheld sjikane.

Så i klagen frå Kristiansands Presselag vert det altså framført ein påstand om at innhaldet i dei to artiklane inneheldt sjikanerande påstandar om dei to avisredaktørane. Det ser ut til at dette var første gongen at *Agder Tidend* og/eller Anders Lange kom med personkarakteristikkar av dei aktuelle redaktørane, så kriteriet om at sjikane skal vere vedvarande, var ikkje oppfylt.

Saksbehandlinga i Det faglege utval

Kven var det som tok imot klagen frå Kristiansands Presselag? Av protokollen frå Kristiansands Presselag går det fram at styret i presselaget ville at Presseforbundets faglege utval skulle få saka. I 1931 var Det faglege utval framleis for nytt å rekne. Utvalet hadde vorte sett ned i 1928.

Dei første medlemmene av fagutvalet gjorde teneste frå 1928 til 1936.¹⁴⁴ I desse åra leia Th.(omas) Tellander (1869–1941) utvalet. Han var redaksjonssekretær i *Tidens Tegn*, som var Frisinnede venstres organ – og vart rekna som støttespelar for Fedrelandslaget.¹⁴⁵ Dei to andre medlemmene var redaktør Olav Røgeberg (1885–1959) og redaktør Nils Raknerud (1881–1937). Røgeberg hadde si yrkeskarriere i venstreavisene *Dagbladet* (1928–1930) og *Nidaros* (1930–1937) og seinare *Alle Kvinners Blad* (1937–1959). Raknerud var redaktør i høgreavisane *Drammens Tidende* og *Buskeruds Blad* i åra 1919–1937. Han hadde vore medlem av hovudstyret i Norsk Presseforbund dei fleste åra frå 1910 til 1920. Utvalet var altså sett saman av representantar frå aviser med koplingar til tre ulike politiske parti. Arbeidarprensa vart representert i utvalet i 1936 då Olav Larssen i *Arbeiderbladet* vart medlem av det.¹⁴⁶

Saksbehandlinga i Det faglege utval er dokumentert i arkivet til Norsk Presseforbund, og saksmappa inneheld både dei aktuelle artiklane, klagen frå Kristiansands Presselag, tilsvar frå Hans Aarnes og dei andre aktørane, vurderingane frå Tellander, Raknerud og Røgeberg i Det faglege utval, sakspapir til og protokoll frå møtet i hovudstyret – og oppfølging av saka frå Hans Aarnes.

I saksmappa er det eit maskinskrive samandrag av dokumenta i saka som svært truleg er tilrettelegging av saka før møtet i hovudstyret i Presseforbundet, men det ser ikkje ut til at det vart laga ei saksførebuing med vurderingar og framlegg til vedtak.

Mange av dokumenta i saka er også merkte med ei handskriven nummerering som kanskje har vore til hjelp for medlemmene i hovudstyret i å halde styr på vedlegga i saka, men det er ikkje referert til denne nummereringa i den maskinskrivne presentasjonen av saka. Det er difor noko uklart kva for dokument som vart lagde fram for hovudstyret. I tillegg til breva vart det også lagt ved fleire avisartiklar. Både Anders Langes to lesarbrev og andre aviser og artiklar frå Hans Aarnes.

Tilsvar frå Aarnes

Redaktør Hans Aarnes hadde fått tilsendt klagen frå Kristiansands Presselag og kom med tilsvar i to brev. Det første brevet er datert 20. juli 1931.

Når det gjeld den formelle sida av saka, skreiv Aarnes at styremøtet i Kristiansands Presselag hadde vorte kuppa ved at møtet vart halde utan at leiaren i laget var til stades – han var på ferie. Leiar var Gustav Moseidjord, som var redaksjonssekretær under redaktør Aarnes i *Agder Tidend*.

Aarnes peika på striden mellom Beinset og Anders Lange frå hausten 1930 der Beinset prøvde å få Fedrelandslaget til å seie opp Anders Lange, og såg på klagen til Norsk Presseforbund som «ein ny stridsfront mot Anders Lange».

Aarnes si tolking av utsegnene i dei to artiklane var at

(...) bladstyrar Rieber-Mohn er i slekt med stortingspresident Hambro og at bladstyrar er ein ein gild kar um han ikkje kann sigla. Dette er det som stend i artiklane. Kva bladstyrar Beinset eller andre kann tolka dei til med paaskøyting av referat fraa Folketanken¹⁴⁷ (som eg ikkje hev lese) eller andre kjeldor, ligg utanfor saki.

Aarnes held fram med å åtvare Norsk Presseforbund mot å ta opp saka. «(...) dersom Norsk Presseforbund

skal til å vera barnegjenta for innsendarane kring um i bladi, so vil forbundet faa nok å gjera.»

Som vedlegg til brevet sende Aarnes også *Sørlandets* artikkel om kronprins Olav og siterte vidare Scheflo som i eit offentleg møte hadde sagt at *Agder Tidend* var «en meget uhederlig avis». Avisa *Lindenes* (Mandal) hadde referert møtet og sitert Scheflo.¹⁴⁸

Konklusjonen til Aarnes var at Norsk Presseforbund burde legge bort klagen mot Anders Lange og *Agder Tidend*:

«Det som hev stade i *Agder Tidend* er berre smaa fliser mot dei bjelkane som ein kann finna i andre blad.»

Den 22. juli kom Aarnes med nok eit brev med eit «(...) tilskot til samlingi av døme paa tonen i Kristiansandspressa» i form av dei to siste utgåvene av *Fædrelandsvennen*, der oberstløytnant Falkenberg hadde vorte kalla «ein tilreisande snobb».

Behandling i Det faglege utval

Fire veker seinare, den 17. august, vart saka send til Det faglege utval for behandling og uttale «saa snart som mulig». Det fanst på denne tida ikkje noko sekretariat for Det faglege utval. Utvalsløiar Tellander skreiv ei oppsummerande vurdering av saka og kom med eit framlegg til vedtak.

Vurderinga av saka vart altså skriven av Th. Tellander, leiaren i utvalet. Tellander starta med ei vurdering av om dette var ei sak for utvalet, og han var i tvil om saka burde bli teken opp av Det faglege utval. Ein av grunnane til det var at det ikkje gjekk fram av sakspapira om Scheflo og Rieber-Mohn ønskte at saka skulle takast opp.

Tellander lurar også på om saka burde vore behandla i «æresretten», men at det kanskje var eit for stort apparat å sette i sving.

Tellander er også usikker på den vidare saksbehandlinga, og om utvalet har «beføielse til å gripe inn i et blads redaksjon». Men han er også open for at Det faglege utval kan ha ei saksførebuande rolle. Og det var det siste som skjedde.

Desse kommentarane frå Tellander syner uvisse omkring fagutvalets rolle og mandat og den konkrete saksbehandlinga. Det faglege utval hadde på denne tida ikkje fått skriftlege retningslinjer, og merknadene frå Tellander tyder på at det heller ikkje var innarbeidd uformelle retningslinjer for arbeidet i fagutvalet og korleis vurderingane i utvalet skulle takast vidare.

Vurderinga av Rieber-Mohn artikkelen

Dei to artiklane fekk nokså ulik vurdering i utvalet. Tellander meinte det verste ved dei to sakene var at Lange

(...) benytter Rieber-Mohns jødiske utseende til angrepsmiddel. Vi er heldigvis ikke vant til den slags antisemitiske skyts på våre breddegrader. (...) Men efterat den ellers litet påagtede norske antisemitisme har opnådd å yde et beskjedent bidrag til nordisk storpølitik gennem statsminister Staunings utnyttelse av citatet fra «Sogns Tidende» om «en jødisk kremmernasjon», bør vi kanskje ikke overse de utslag, vi treffer på, av den slags mentalitet.

Tellander var som samtidig journalist i *Tidens Tegn* nær på aktuelle hendingar i tida. Som mangeårig medlem av sentrale organ i Norsk Presseforbund var han nok godt orientert om status når det gjaldt

«antisemitisk skyts» i pressa.

Tronstad har dokumentert korleis antisemittisme vart eit element i den politiske og kulturelle debatten i mellomkrigstida. Han skriv vidare at antisemittisme vart rekna som «allment akseptert» i 1920-års Noreg, men at det kom eit klart skilje – og ei sterk polarisering – då jødeforfølgjingane i Tyskland vart kjende utover i 1930-åra, med 1933 som eit viktig skilje.¹⁴⁹

Men vurderinga til Tellander kan også tolkast som at han meinte at politiske forhold mellom Noreg og Danmark burde telje med i vurderinga av saka. Tellander dreg her fram eit lesarbrev i *Sogns Tidend* (Sogndal) frå august året før. I lesarbrevet spekulerte forfattaren Torgeir Bjørnaraa på om danskane ville sikre seg råderett over Grønland for så å selje øya til amerikanarane, slik dei tidlegare hadde gjort med øyar i Vest-India, og han kalla Danmark for ein «jødisk kremmernasjon».¹⁵⁰

Den danske statsministeren Stauning kommenterte i september 1931 artikkelen i *Sogns Tidend* på eit fellesnordisk statsministtermøte som simpel behandling av broderfolk. Stauning vart breitt sitert i norsk presse, blant anna i Tellanders avis *Tidens Tegn*.¹⁵¹

Det kan her passe å spørje kva utsegna til Anders Lange eigentleg betydde. Han sa vel noko fordekt at Rieber-Mohn i det ytre likna på Hambro, truleg fordi begge var ein smule korpulente og om lag på same alder. Hambro var av jødisk slekt, og dermed likna også Rieber-Mohn på ein jøde.

I den korte artikkelen til Lange vert det ikkje formidla andre klassiske stereotypiar og mytologiar om utsjånaden til jødar. Men Rieber-Mohn var altså politisk sett samd med Hambro i grønlandssaka, og Lange spreier mistanke om at Hambros – og dermed Rieber-Mohns – standpunkt kunne handle om at dei var internasjonalar og ikkje nasjonale.

Aarnes på si side ser ut til å meine at Lange meinte at Hambro og Rieber-Mohn faktisk var i slekt.¹⁵²

I vurderinga av saka i Presseforbundet vart utsegna frå Lange altså utan vidare rekna som ein antisemitisk bodskap, utan at det i saksutgreiinga vart problematisert på kva måte bodskapen var jødefiendtleg, eller om Rieber-Mohn skulle kjenne seg såra av samanlikninga med eventuelt slektskap med Hambro. Det var akkurat dette Hans Aarnes la fram i brevet sitt, men Tellander gjekk altså ikkje inn på tolkinga til Aarnes.

Ei enkel tolking av Tellander og Det faglege utval må vere at det måtte reknast som «ikke fint» å dra inn etnisk eller kulturell bakgrunn i ein politisk debatt, eller i alle fall ikkje i denne politiske debatten.

I den gjeldande Ver varsam-plakaten er omsynet til etnisitet og privatliv formulert slik:

4.3. Vis respekt for menneskes eigenart og identitet, privatliv, etnisitet, nasjonalitet og livssyn.

Ver varsam ved bruk av omgrep som kan verke stigmatiserande. Framhev ikkje personlege og private forhold når dette er saka uvedkomande.

Formuleringar på dette området kom inn i Ver varsam-plakaten i 1956 og i 1975. I 1956 vart pressa oppmoda til å vere «ytterst varsom» med å trekke fram blant anna «rase, nasjonalitet, yrke, politiske eller religiøs overbevisning» i samband med kriminalsaker. I 1975 vart dette omsynet oppgradert til ei generell oppmoding om å vise respekt for «mennerskers privatliv, rase, nasjonalitet eller livssyn».¹⁵³ Og seinare vart «rase» stroke ut av Ver varsam-plakatens vokabular.

Var Det faglege utval her forut for si tid? Både når det gjeld seinare antisemittistiske utslag i Noreg og verda og seinare formuleringar i det etiske regelverket?

Vurderinga av Schefflo-artikkelen

Når det gjeld Schefflo, meinte Tellander at Schefflos angrep på kronprins Olav var provoserande, og at

«(...) Scheflo sterkt har provocert til en overhaling ved sit høist utidige og ondskapsfulle angrep på kronprinsen (...)»

Men Tellander meinte også at «Det er ikke fint» av Anders Lange å omtale Scheflos sjukdom, og at slik polemikk kan «skade pressens anseelse».

Tellander kom med framlegg til fråsegn frå utvalet der utvalet sa at artiklane «på grunn av de personlige chikaner, som de inneholder (...) er egnet til å skade pressens anseelse». Men Tellander modererte kritikken som gjaldt Scheflo, ved å seie at artikkelen om kronprins Olav 14. juli kom etter sterk provokasjon frå *Sørlandets* side og nærast var svar på tiltale. Utvalsmedlem nr. 2 Nils Raknerud slutta seg til Tellanders fråsegn utan kommentarar.

Utvalsmedlem nr. 3 Olav Røgeberg var samd i første delen av Tellanders framlegg til vedtak. Men når det gjaldt artikkelen om Scheflo, ville Røgeberg skilje mellom Anders Lange som skribent og Hans Aarnes som redaktør. Røgeberg tok det for gitt at Lange ikkje hadde «noensomhelst bemyndigelse til å øve gjengjeld på kronprinsens vegne». Men for redaktør Aarnes sin del meinte Røgeberg at det måtte vere greitt å svare på tiltalen frå Scheflo om at *Agder Tidend* var ei uheiderleg avis, ved å trykke innlegget frå Anders Lange.

Utvalet såg altså ut til å ha ein viss skilnad i vurderingane sine av artikkelen om Rieber-Mohn og om Scheflo.

Fråsegnene frå Raknerud og Røgeberg er daterte Drammen 14. september og Trondheim 15. september. Fagutvalet innførte ikkje fysiske møte før fleire år seinare.

Sakspapira vart så sende over for vidare behandling i hovudstyret i Norsk Presseforbund. Det skulle haldast 13. januar i 1932, altså eit halvt år etter at dei to artiklane hadde stått på trykk.

Ettersending frå Beinset og Rieber-Mohn

Men dagen før styremøtet fekk leiar Aadahl i hovudstyret tilsendt to nye brev i saka frå to av dei involverte. Det eine brevet kom frå redaktør Rieber-Mohn, som gjorde det klart at han ønskte at saka skulle takast opp, noko Tellander i Det faglege utval hadde peika på som eit uavklara punkt i si vurdering av saka. Rieber-Mohn beklaga vidare at han ikkje kunne delta på hovudstyremøtet på grunn av mannskapsmangel i eiga avis. Dette tyder på at Rieber-Mohn hadde fått tilsendt sakspapira i si eiga sak.

Rieber-Mohn skreiv vidare at om han hadde delteke på møtet, ville han bede hovudstyret om å ikkje gjere skilnad på hans og Scheflos sak. Argumenta var at kronprinsartikkelen i *Sørlandet* var henta frå *Arbeiderbladet*¹⁵⁴, sjølv om det ikkje gjekk fram av artikkelen i *Sørlandet*. Rieber-Mohn skriv ikkje kvifor han meiner det var ei viktig opplysning.

Når det gjaldt påstandane om at *Agder Tidend* var ei uheiderleg avis, meinte Rieber-Mohn at dette var konklusjonen på ein lengre analyse av *Agder Tidends* presentasjon av partiprogrammet til Arbeiderpartiet, og at slik ordlyd måtte ein rekne med i den politiske polemikken.

Rieber-Mohn meinte det måtte skiljast mellom avisa som institusjon og redaktøren som person, og at det ikkje «skulde være tillatelig at føre polemikken over paa vedkommende pressemands privatliv og personlige utseende».

I brevet sitt gjentok Beinset dei tidlegare skuldingane og argumenta frå Kristiansands Presselag. Beinset kom også med tilleggsopplysningar i saka når det gjaldt «boikott-cirkulæret», som også Aarnes hadde drege fram og meinte var forklaringa på at Beinset ønskte å råke Anders Lange. Beinset sa på si side at han ikkje hadde noko personleg imot Anders Lange.

Han sa vidare at det hasta med å ha møte i Kristiansands Presselag: «(...) fordi man hadde et bestemt inntrykk av at herr Lange var i den stemning at chikaneartiklene vilde fortsette i et temmelig hurtig tempo. Vi ønsket å gjøre vårt til å stanse dem.»

Sidan desse to breva kom dagen før styremøtet, var dei naturlegvis ikkje omtala i sakspapira som gjekk til styret, men vi kan heller ikkje vite sikkert om breva verkeleg vart lagde fram for styret.

Om hovudstyret fekk lagt på bordet tilsvaret frå klagaren, men ikkje innhenta tilsvaret frå Aarnes så fekk aktørane ikkje lik behandling av presseforbundet.

Behandlinga i hovudstyret – publisering i *Journalisten*

Kva som skjedde under behandlinga i hovudstyret, kjenner vi ikkje til, for det er ikkje omtale av det i skriftlege kjelder.

Protokollen frå møtet har eit kort samandrag av saka, men utan referansar til omstenda kring møtet i Kristiansands Presselag eller dei andre momenta frå Hans Aarnes.

Resultatet av saksbehandlinga var at hovudstyret samla seg om den første setninga i framlegget frå Tellander. Alle dei tre medlemmene i Det faglege utval hadde vore samde om dette.

Vedtaket i hovudstyret var nok i tråd med det Rieber-Mohn hadde ønskt seg, og tok form av ei generell oppmoding.

Vedtaket vart slik:

Hovedstyret uttaler at herr Anders Langes artikler i *Agder Tidend* for 6. juni og for 14. juli 1931 på grunn av de personlige chikaner, som de inneholder, efter hovedstyrets mening er egnet til å skade pressens anseelse. Det forhold at den saklig debatt utarter berettiger ingen overgang til denne form for polemikk.¹⁵⁵

Saka vart så kort omtala i *Journalisten* for februar 1932, utan at det vart lagt noko meir til saka enn det som stod i protokollen frå Presseforbundets hovudstyre.

Dei aktuelle innlegga frå Anders Lange vart heller ikkje kommenterte eller imøtegått då dei stod på trykk i *Agder Tidend* sommaren 1931. Men så gjaldt dei då også dei to aktuelle redaktørane personleg, og det var vel heile poenget at dei to redaktørane og andre pressefolk ikkje ville ha slike omtalar av seg på trykk.

Men den interne pressedebatten som førte saka heilt til topps i Norsk Presseforbund, vart heller ikkje kommentert undervegs i avisene det gjaldt.

Anders Lange sjølv nemnde den pågåande klagesaka indirekte i ein artikkel i *Agder Tidend*, men etter det eg har klart å finne ut, er dette den einaste medieomtalen av saka i samtida. Dette skjedde i form av to artiklar i *Agder Tidend*, 14. september 1931, side 6. Først kom ein artikkel med tittelen: «STRIDEN innen venstre i Kr.sand. 'Fædrelandsvennen' forsøker sig ogsaa med diktatur paa sitt felt!» Artikkelen heldt fram med blant anna:

Ikke nok med at redaktør Beinset i sitt blad har utsendt et forbud mot aa ta inn artikler fra mig, han har ogsaa forsøkt aa faa Norsk Presseforbund til aa forby Agder Tidend aa ta mine innlegg.

Anders Lange skreiv så vidare at eit innlegg han hadde skrive om intern politisk strid i Venstre, hadde vorte nekta plass i *Fædrelandsvennen*. Men i staden fekk Lange innlegget på trykk i *Agder Tidend* og rykte inn ein annonse i *Fædrelandsvennen* der han viste til sin artikkel i *Agder Tidend*. Både artikkelen i *Agder Tidend* og annonsen i *Fædrelandsvennen* stod på trykk same dag.¹⁵⁶ Og i artikkelen i *Agder Tidend* står det då også: «Her er den artikkel som er nektet inntagelse i *Fædrelandsvennen*.»¹⁵⁷ Artikkelen var ei meiningsytring om handheving av konsesjonslovene og hadde såleis ikkje direkte noko med redaktør-sjikane-saka å gjere. Men Anders Lange kjende seg tydelegvis utestengd frå debattsidene til *Fædrelandsvennen*.

Det er alltid noko risikabelt å påstå at noko ikkje er omtala og så dra vidtgåande konklusjonar ut frå

ein ikkje-observasjon. Med det pågåande arbeidet med digitalisering av norske aviser og tidsskrift vert det lettare og lettare å finne fram til tekstar som tidlegare var gøymde og gløymde. Men eit delvis digitalisert materiale har også sine feller og fallgruver. Til dømes er ikkje *Journalisten* digitalisert for året 1932, der den aktuelle omtalen med Norsk Presseforbund sin konklusjon i Anders Lange-saka vart presentert. Men etter å ha oppsøkt Nasjonalbiblioteket og gått gjennom dei to aktuelle årgangane av *Journalisten* (1931 og 1932), så har eg heller ikkje funne anna omtale av denne saka enn den same notisen som også Røssland viste til i doktoravhandlinga si.

Gildskap (habilitet) og tette nettverk

Det var små forhold og få personar denne saka handla om, og alle dei involverte var røynde pressefolk som heilt sikkert kjende til kvarandre. I ein slik situasjon er naturlegvis gildskap ei utfordring.

Aarnes meinte heile saka starta som eit hemntokt for Anders Lange og Fedrelandslagets påståtte annonseboikott hausten året før.

Nationen-redaktør Thorvald Aadahl var på denne tida leiar i Presseforbundet. Aadahl var også leiar i Bondepresselaget – og nestleiar var: Hans Aarnes.¹⁵⁸ Aadahl var også ein sentral medspelar for Fedrelandslaget, også i form av formelle posisjonar.¹⁵⁹ Når det gjaldt politiske standpunkt, var Aadahl og Aarnes heilt usamde på to viktige punkt: målsak og alkoholforbod.¹⁶⁰ På den andre sida var Aadahl og dermed *Nationen* på linje med Fedrelandslaget.¹⁶¹

Aadahl hadde i sine år i hovudstyret i Norsk Presseforbund også hatt både Rieber-Mohn og Beinset som medlem og varamedlem. Rieber-Mohn var medlem av hovudstyret til Norsk Presseforbund i åra 1928–1932, altså tida då dei aktuelle sakene vart behandla av Presseforbundet. Beinset var varamann i styret i 1927–1929.

I vurderinga av saka skreiv Tellander gode ord om Rieber-Mohn:

Alle som kjenner vår udmerkede, dygtige og elskverdige og fremfor alt ytterst hensynsfulle kollega Rieber Mohn (sic!) vil synes, at det er en skammelig behandling han har vært utsatt for fra Langes side. Hvis Rieber Mohn (sic!) har noen av den jødiske races karaktertrekk, så er det i alle fall de beste, og da skulde de ikke benyttes til angrep.¹⁶²

Slike personlege karakteristikkar av ein av aktørane i ei sak høyrer naturlegvis ikkje heime i ei formelt korrekt klagebehandling. Skjalg Fremo har vurdert kjeldene slik at Tellander var «et eiegodt menneske»¹⁶³ som sikkert la stor vekt på personvern. Tellanders personkarakteristikk av Rieber-Mohn kan kanskje passe med ei slik vurdering av personlegdomen hans. Viktigare er det kanskje at Aarnes ikkje får nokon karakteristikk i det heile.

Rieber-Mohn hadde møtt på utvalsmedlem Nils Raknerud i mange samanhengar innanfor Den Konserervative Presses Forening (DKPF) heilt frå før 1920. Rieber-Mohn var blant anna vararepresentant for Raknerud i styret i DKPF. Og i 1931 var både Raknerud og Rieber-Mohn delegerte frå DKPF til landsmøtet i Høgre.¹⁶⁴

Dette viser at det var små og tette forhold i norsk presse på denne tida. Etter dagens krav og forventningar ville ein nok raskt tenkje på ugildskap i slike samanhengar.

Etterspel: saksbehandling og svovelpredikant-saka

Redaktør Hans Aarnes var ikkje særleg glad for kritikken som han fekk i redaktør-sjikane-saka, og han etterlyste både mandat og retningslinjer for Det faglege utval. I eit brev han skreiv, går det fram at han

ikkje hadde fått vite resultatet av saksbehandlinga før det hadde stått på trykk i *Journalisten*, dette i kontrast til Rieber-Mohn, som var godt informert.¹⁶⁵

Det var nok fleire enn Aarnes som hadde lite kunnskap om Det faglege utval og arbeidsmåtene. Fremo skriv at då Tellander døydde, så fann han sju minneord – men ingen av dei omtalte at han hadde vore leiar i Det faglege utval i ti år, og Fremo konkluderer med at det var lite merksemd om presseetiske spørsmål, og at dei ikkje hadde mykje å seie.¹⁶⁶

Aarnes spør i same brevet også om «(...) meiningi med 'pressens anseelse' er so aa forstaa at bladstyrarane skal kunne kaste stein paa andre, men sjølve vera skotfrie?» Eller sagt på ein annan måte: Skulle det vere eitt sett av reglar for redaktørar, og eit anna sett av reglar for alle andre?

Det skulle gå 70 år frå Aarnes stilte spørsmålet, til det kom inn eit punkt i Ver varsam-plakaten om akkurat dette. NJ hadde alt i 1991 sagt i handlingsprogrammet sitt at mediebedriftene skulle dekkast ut frå vanlege journalistiske prinsipp.¹⁶⁷ Formuleringa som kom inn i Ver varsam-plakaten i 2002, var følgande:

1.4 (...) Pressa har plikt på seg til å setje eit kritisk søkjelys på korleis media sjølve fyller si samfunnsrolle.¹⁶⁸

Professor Svein Brurås skreiv i ein generell kommentar til dette punktet følgande:

Før øvrig er det viktig at journalister og presseorganer kritiserer hverandre. Dette har nok alltid til en viss grad skjedd, men det har gjerne vært lagt til interne og lukkede fora. I likhet med andre yrkesgrupper har også journalistene latt laugsånd og kollegialitet legge et lokk på offentlig kritikk av hverandres arbeid. – Kritikk av mediene bør imidlertid skje offentlig, i mediene og synlig for publikum, og mediene bør diskutere og etterprøve hverandres arbeid.¹⁶⁹

Synspunktet til Brurås er nok i tråd med tankegangen bak setninga i Ver varsam-plakaten. Men ein føresetnad for at både media og publikum skal kunne vere med på ein slik diskusjon, er at dei aktuelle sakene er kjende. Og slik var det ikkje tidlegare, og i alle fall ikkje i 1930-åra.

Utvalet fekk eigne vedtekter i 1948, og der stod det at fråsegner frå utvalet skulle sendast til *Journalisten*, og at fråsegnene etter å ha blitt vurderte av Presseforbundet, også kunne bli gjort allment kjende. Først i 1972 vart det bestemt at fråsegner frå utvalet skulle vere offentlege.¹⁷⁰

Var tidsskriftet *Journalisten* verkeleg eit internt blad berre for medlemmer av Norsk Presseforbund? Truleg ikkje. I alle fall skriv Edvard Bull i 1929 at *Journalisten* høyrde til «den allernyttigste lesning» for informasjon om norske aviser.¹⁷¹

Men Aarnes hadde i heile saksbehandlinga av redaktør-sjikane-saka meint at saka var for lita til å bli behandla av Presseforbundet, og at det fanst mange døme på slik språkbruk i avisene rundt om i landet – også dei tre avisene som stod bak klagen:

Eg vil og segja at dersom Norsk Presseforbund skal til aa vera barnegjenta for innsendarane kringum i bladi, so vil forbundet faa nok aa gjera.¹⁷²

Frustrasjon over saka var nok ein viktig motivasjon for at han eit par månader seinare serverte Det faglege utval saka som hadde overskrifta «Svindelpredikant og ssvovelpredikant N. Abrahamsen».¹⁷³ Poenget til Aarnes var nok i mindre grad omtanke for den aktuelle predikanten, men meir å få fram at også avisa *Sørlandet* kom med sterke personkarakteristikkar som han sjølv var blitt felt for i redaktør-sjikane-saka. Aarnes hadde også kome med fleire døme på det han meinte var vel så sterke personangrep som for-

svaret hans i Anders Lange-saka, men no kom han altså med ein eigen klage.

Røssland klassifiserer predikant-saka som avvist, og Solumsmoen refererer til fleirtalet (Raknerud og Røgeberg) i vurderinga til Det faglege utval:

Undertegnede finner ikke at det er grunn til å avgi noen uttalelse i anledning av hr Aarnes' skrivelser, da det fremgår tydelig av disse at han hensikt kun er å chikanere fagutvalget som han anser som «misfoster med berre eitt auga». Hvis hr Aarnes vil besvære seg over fagutvalgets avgjørelser, må vel den rette fremgangsmåte være å bringe saken frem for Presseforbundets styre og årsmøte.¹⁷⁴

Fagutvalet vurderte altså klagen frå Aarnes som ein provokasjon, og utvalet karakteriserte også ordlyden i klagen frå Aarnes som sjikane og kritikk av utvalet. Om utvalet skulle endre arbeidsmåtar, så måtte rett adresse vere andre organ i Norsk Presseforbund.

Utvalet nekta altså å gå inn på dei konkrete karakteristikkane av sjovelpredikanten i avisa *Sørlandet*. Det var altså ikkje ei vurdering av avisartikkelen og skuldingane mot sjovelpredikanten som førte til at saka vart lagd bort. Utvalet avviste saka ut frå Aarnes sin intensjon med å bringe saka inn for utvalet. Ein kunne kanskje også seie at utvalet ikkje fann det rett å vurdere ein klage mot seg sjølv.

Eg har ikkje funne spor av klagebehandling av saka i protokollen til hovudstyret for Norsk Presseforbund, så det er mest truleg at hovudstyret slutta seg til vurderinga i fagutvalet.

I dei første åra Pressas faglege utval var i aktivitet, var det seks saker frå aviser på Sørlandet eller frå aktørar involverte i redaktør-sjikane-saka. Desse seks sakene utgjør ein høg andel av det samla talet saker som utvalet behandla før verksemda stoppa opp under krigen. Frå 1930 til 1937 behandla utvalet i alt 23 saker. Til samanlikning kom det åtte saker frå aviser i Oslo i same tidsrommet. Det er ikkje urimeleg at kjennskap til sjølvdommeordninga til aktørane er ei medverkande årsak til at det kom nokså mange klagesaker frå Sørlandet desse åra.

1932: Kristiansands Presselag i ettertid

Kva skjedde så vidare med det kollegiale arbeidet i Kristiansands Presselag? Det kunne tenkast at ein såpass skarp konflikt som varte heile hausten 1931, ville skape vondt blod. Og det kan nok hende at det gjorde det. Men i 1931 arrangerte presselaget både Sørlandsstemne i juni 1931 og ein avskilsfest for redaksjonssekretær Per Taxeraas (*Christianssands Tidende*). Og dei fekk gitt ut eit julehefte.¹⁷⁵ Presselaget tente også pengar på å arrangere ein marknad.

Men 14. februar 1932 var det nytt årsmøte i presselaget, litt etter at fråsegna frå det faglege utvalet vart kjend. Hovudpersonane i Anders Lange-saka utgjorde ein stor del av dei tillitsvalde og tolv medlemmene i laget.

Både leiar Magnus Breilid (*Agder Tidend*) og nestleiar Anton Beinset (*Fædrelandsvennen*) i laget «nekta plent» attval.

Som nytt styre vart journalist Opsal (*Sørlandet*) vald til leiar, og dei andre styremedlemmene var Gustav Moseidjord (*Agder Tidend*), redaktør Rieber-Mohn og journalist Haugedal (*Fædrelandsvennen*). Som utsendingar til Presseforbundets landsmøtet 11. mars vart desse valde: Opsal, Aarnes og Beinset, med vara Scheflo, Moseidjord og journalist Strømme som personlege vara. Redaktør Aarnes fekk eit reisestipend på kr 500,-. Aarnes fekk mange reisestipend gjennom åra sine i pressa, men kanskje var det slik at når han fekk eit reisestipend akkurat på dette tidspunktet, så var det eit slags plaster på såret for redaktør-sjikane-saka? Beløpet var uansett ikkje stort – kanskje tilnærma ei halv månadsløn? Kristiansands Presselag hadde også innført ein regel som sa at presselaget ville skøyte på med kr 500,- til andre reisestipend

som medlemmer av laget fekk.¹⁷⁶ Aarnes hadde i 1931 vorte tildelt reisestipend frå Bondepresselaget,¹⁷⁷ så kanskje var stipendtildelinga frå Kristiansands Presselag berre ei følge av denne regelen.

Det kan altså alt i alt verke som eit normalt årsmøte. Vart ikkje redaktør-sjikane-saka omtala i det heile? Skjedde det ikkje noko meir på årsmøtet? *Agder Tidend* ordla seg slik: «Paa møtet vart det eit langt og livalt ordskifte um presseморalen. Noko vedtak vart ikkje gjort.»¹⁷⁸ *Avisa Sørlandet* refererte stort sett det same som *Agder Tidend* og hadde følgande formulering om debatten: «På møtet utspant der sig endel ordskifte om presseморalen. Det blev ikke fattet noen beslutning.»¹⁷⁹ *Fædrelandsvennen* skreiv berre om resultatet av styrevalet.¹⁸⁰

Avisene hadde heller ikkje tidlegare referert frå klagen frå Kristiansands Presselag til Norsk Presseforbund, så om det var temaet for debatten, var det nok for dei fleste lesarane nokså kryptisk kva «presseморalen» kunne bety i denne samanhengen. Pressa på Sørlandet heldt altså debatten høgst internt. Redaktør-sjikane-saka vart heller ikkje omtala då Norsk Presseforbund i 1935 gav ut ei jubileumsbok, og der Kristiansands Presselag fekk eit par sider til å fortelje om aktiviteten sin.^{181 182}

Redaktørane sluttar – kva gjer dei nye?

Tre av dei fire avisredaktørane i Kristiansand slutta i 1932.

Anton Beinset starta i mai 1932 på ei seks månaders studiereise i utlandet, og kom aldri tilbake som redaktør i *Fædrelandsvennen*. Den nye redaktøren, Robert Knudsen, rykte opp internt i avisa. I *Fædrelandsvennens* historie blir han omtala som ein korrekt herre og ein dyktig referent med sans for «forretningsmessige realiteter» – og ålefiske.¹⁸³

Hans Aarnes slutta som redaktør i *Agder Tidend* i august 1932. Seinare vart Johan Tveite tilsett i fast stilling som redaktør for *Agder Tidend*. Tveite hadde tidlegare vore journalist i *Agder Tidend* og hadde også arbeidd som redaksjonssekretær i avisa *Rogaland*. Tveite var også aktiv i Norsk Bladmannalag og var ein av redaktørane av 25-årsskriftet til Bladmannalaget.¹⁸⁴

Under Tveite heldt *Agder Tidend* fram med den venlege haldninga overfor Fedrelandslaget og Anders Lange. Tveite skulle vere redaktør for *Agder Tidend* heilt fram til 1945. Han vart NS-medlem i 1940 og vart etter krigen dømt til halvtanna års fengsel for landssvik.¹⁸⁵

Rieber-Mohn slutta i *Christianssands Tidende* i oktober 1932¹⁸⁶ og tok til som redaktør i *Hamar Stiftstidende*. Avisa skreiv ikkje noko om kvifor Rieber-Mohn slutta. Vidkunn Nitter Schreiner vart ny redaktør i åra 1932–1934.¹⁸⁷ Schreiner hadde blant anna arbeidd i *Avisa Norges Fremtid*, som vart gitt ut av Fedrelandslaget.¹⁸⁸ Så *Christianssands Tidende* erstatta altså Rieber-Mohn, som var svært kritisk til Fedrelandslaget, med ein redaktør som hadde arbeidd for Fedrelandslaget. Det er mogleg at redaktørskiftet var uttrykk for at eigarane ønskte ei ny linje for avisa, men det fell utanfor rammene for denne artikkelen å gå inn på.

Under Schreiner vart *Christianssands Tidende* som ein kunne vente klart meir positiv overfor Anders Lange og Fedrelandslaget. Schreiner vart medlem av NS i 1940 og seinare redaktør for *Vestlandske Tidende* i Arendal (1940–1942).¹⁸⁹ I åra 1942–1945 vart han sett inn som redaktør for *Bergens Tidende* – og vart dømt for landssvik etter krigen.¹⁹⁰

Fedrelandslaget starta i 1935 sitt eige månadsblad for Sørlandet med namnet *Fylkingen*. Bladet kom ut i åra 1935–1940 og vart trykt av Christianssands Aktieboktrykkeri, som også var eigarselskapet til *Christianssands Tidende*.¹⁹¹ Det kan tolkast som nok eit teikn på at *Christianssands Tidende* var meir positiv til Fedrelandslaget etter at Rieber-Mohn hadde slutta.

I så små redaksjonar som det er snakk om her, vil einskildtilsetingar ha mykje å bety, og naturlegvis framfor alt: redaktørane. Skjedde det ei endring i dekninga av Fedrelandslaget med dei tre nye redaktørane som kom inn i 1932?



Storingsrepresentant Anders Lange 1973. Foto: Stortinget.

Av tabell 2 går det fram at Fedrelandslaget og Anders Lange fekk mykje meir omtale i *Fædrelandsvennen* og *Christianssands Tidende* etter at Beinset og Rieber-Mohn slutta. Men framleis var det *Agder Tidend* som skreiv mest.

Så reint kvantitativt er det tydeleg at Lange ikkje la ein dempar på aktiviteten etter den fellande fråsegna frå Presseforbundet. Heller tvert imot.

Ein anna forklaring på at Anders Lange og Fedrelandslaget fekk meir omtale utover i 1930-åra er at den politiske stemninga vart skjerpa med skarpere motsetnader mellom Arbeidarpartiet og dei andre partia, i alle fall før kriseforliket i 1935, der Arbeidarpartiet og Bondepartiet fann saman.

Anders Lange flytta til Oslo i 1935 og slutta i Fedrelandslaget i 1938, så det er ikkje uventa at det blei mindre omtale av både laget og personen.

Var det antisemittisme?

Det var den nokså indirekte omtalen av redaktør Rieber-Mohn som jøde, eller tenkande som ein jøde, som truleg var den viktigaste og klaraste grunnen til at Det faglege utval «felte» *Agder Tidend* og Anders Lange.

Kva seier andre kjelder om Fedrelandslaget og Anders Lange sitt forhold til jødar og antisemittisme? Det er ingen omtale av spørsmål som gjeld jødar eller antisemittisme i det

heile teke i Norlands bok om Fedrelandslaget.¹⁹² Heller ikkje eit enkelt tekstsøk i Fedrelandslagets nasjonale avis ABC i Nasjonalbiblioteket gir gode haldepunkt for å seie at antisemittisme var ei viktig sak for Fedrelandslaget, men dette burde truleg vorte studert nærare.

Roger Tronstad har i fleire arbeid studert rasisme og antisemittisme på Sørlandet i mellomkrigstida. Blant anna i ein artikkel om nokre av aktørane i samfunnsdebatten,¹⁹³ men mest i boka «*Denne seige rase*». *Antisemittisme på Agder inntil 1945* (2021). I kapittelet «Vendepunktet i 1933»¹⁹⁴ skriv han detaljert om ei sterk polarisering på Sørlandet og i Kristiansand i 1930-åra, og han bygger i stor grad på aviser som kjelder, og særleg avisa *Sørlandet*.

Hendingane Tronstad referer til, skjer stort sett etter 1932. Tronstad meiner at Anders Lange var «den mest aktive propagandisten på Sørlandet», og han seier i si oppsummering at Anders Lange og Fedrelandslaget må ta ein stor del av skulda for jødehat på Sørlandet, ein landsdel der det nesten ikkje budde jødar.

Bjørn Westlie har fleire kjelder som tyder på at Lange nytta antisemittisk retorikk, også tidleg i 1930-åra.¹⁹⁵

Det var i året 1934 at Lange og Fedrelandslaget vart mest omtalt i avisene i Kristiansand. Det var fleire hendingar som truleg er årsak til dette, med sterk polarisering i det politiske landskapet, og mellom avisene. Journalistar i *Sørlandet* reiv ned tyske hakekorsflagg natt til 1. mai. Den 17. mai marsjerte medlemmer av Fedrelandslaget i uniformliknande kvite skjorter og gjorde nazi-helsing. Redaktør Scheflo kommenterte hendinga under overskrifta «Fascistenes dag» i *Sørlandet* 19. mai 1934:

Det finnes neppe noen by i landet, hvor fascistene opptrer så utfordrende som her i Kristiansand.¹⁹⁶ *Agder Tidend* skreiv på si side at «Dei yngste i Fedrelandslaget gjekk i kvit skjorte og helsa 'Noreg' med utstrakt høyre hand, ei verdig og fin helsing»,¹⁹⁷ og frå dei to andre borgarlege avisene kom det berre

«mild bebreidelse» over Fedrelandslagets opptreden.¹⁹⁸

Aviskrangelen etter desse hendingane i mai 1934 førte til at avisa *Sørlandet* i åra 1934–1936 var utmeld av presselaget – i protest mot at dei borgarlege avisene var vennleg innstilte til Tyskland og nazismen.¹⁹⁹

Utpå hausten 1934 skulle det skje meir. Det var kommuneval i september 1934, og på eit valmøte i Vennesla vart Anders Lange og stortingsmann Moseid bombarderte med egg etter eit politisk møte i regi av Fedrelandslaget. Avisreferata frå hendinga er nokså sprikande, men *Agder Tidend* siterte Lange på at han kommenterte eggkastinga med å seie: «Sjaa kva det internasjonale marxistiske jødepakk hev laga skikkelege ungdomar til.»²⁰⁰ Hendinga i Vennesla førte til fengselsstraff og bøter for fleire eggkastarar.

På valdagen 15. oktober 1934 gjennomførte Anders Lange eit «blod-stunt» der han køyrde rundt i Kristiansand med ein lastebil drypande av blod og utstyrt med hammar og sigd-symbol for å åtvare veljarane mot den kommunistiske fare.

I eit opprop frå Fedrelandslaget datert oktober 1934 la Fedrelandslaget for dagen antisemittisk innhald der «den jødiske internasjonalisme» vart rekna som motpol til germansk nasjonalisme.²⁰¹ Tronstad reknar det som truleg at Anders Lange skreiv oppropet. Dokumentet vart sitert i avisa *Sørlandet* først året etter, i juni 1935,²⁰² og heimelsmann var arbeidarpolitiskar Tarald Nomeland frå Valle. Oppropet skulle formidlast slik: «Til oplesning på hvert lags- og sirkelmøte.» Altså i lags- og studiesirkelmøte i Fedrelandslaget.

I Andreas Nordlands bok²⁰³ om Fedrelandslaget er ikkje eit slikt dokument omtala. Så oppropet var kanskje mest eit utslag av Anders Langes meir personlege oppfatningar på denne tida, eventuelt i Fedrelandslaget på Sørlandet.

Strømmen reknar det som sannsynleg at Lange etter desse hendingane, og kanskje særleg etter blod-stuntet, flytta – eller vart flytta – til Oslo.²⁰⁴

Konklusjonar

Redaktør-sjikane-saka i Kristiansand i 1931–1932 handlar om at to lesarbrev frå Anders Lange med kritikk av to avisredaktørar førte til ei fellande fråsegn i fagutvalet. Dei to artiklane var ikkje direkte i språkbruken, men dei to artiklane blanda saman politiske argument med personlege eigenskapar hos dei to redaktørane. Den eine redaktøren vart kalla jøde, og den andre vart dels kalla drikkfeldig i tillegg til at det vart fokusert på at han hadde dårleg helse.

I ettertid kan det vere vanskeleg å forstå kvifor det vart reagert så sterkt på dette, og at fagutvalet tok opp saka. Men det personlege vennskapet – og kanskje uvennskapet – mellom aktørane er nok ei viktig forklaring på kvifor dette vart ei sak i det heile.

Samtidig sprang saka ut av eit miljø med hard politisk og forretningsmessig konkurranse mellom avisene og personlege relasjonar mellom redaktørane og Anders Lange og Fedrelandslaget.

Redaktør-sjikane-saka i Kristiansand i 1931–1932 var eit tidleg døme på iverksetting av sjølvdommeapparatet i norsk presse, men før det var formalisert eit etisk regelverk eller fanst reglar for saksbehandling. Det synest klart at det mangla kunnskap om sjølvdommeapparatet, og uvisse om korleis arbeidet skulle gjerast både i avisene, hos styret i Norsk Presseforbund og i Det faglege utval. Slike reglar kom på plass seinare.

Ei sitatvennleg utsegn frå redaktør Hans Aarnes i *Agder Tidend* handla om at Det faglege utval i 1932 opptredde som eit «einøygd misfoster» – fordi utvalet berre gav korreks til kritikk mot pressa og ikkje ville ta imot kritikk frå pressa sjølv. Først i 2002 var det Ver varsam-plakaten tok opp i seg ei oppmoding til å vere like kritisk overfor pressa som overfor alle andre.

På tide, ville sikkert Aarnes sagt.

Noter

- 1 Solumsmoen 1966: 26
- 2 I samtidige kjelder var utvalet kalla «Det faglige utvalg». Vi vil her omtale utvalet i 1931–1932 som «Det faglege utval». Dette er i tråd med Røssland (1999).
- 3 Solumsmoen 1966: 27–38
- 4 Røssland 1999: 16–17
- 5 Raaum 2003: 26–28
- 6 Erichsen 1960: 195; Fremo 1994: 16; Røssland 2010; Raaum 2003: 26–28; Wolland og Øvrum 1992: 79–82
- 7 Ihlebæk 1977; Raaum 1986, 2003
- 8 Raaum 1978: 143–144
- 9 Saxe 1935: 148; Solumsmoen 1966: 101
- 10 Røssland 1999
- 11 Røssland 1999: 120
- 12 Røssland 1999: 75 og 259
- 13 Eg kom over denne mappa i samband med at eg heldt på med eit anna arbeid om Hans Aarnes og norsk journalistutdanning. Hans Aarnes var redaktør i Agder Tidend frå 1923 til 1932, men etablerte i 1919 Norsk Bladmannaskule i Bergen. Dette kan reknast som den første norske journalistutdanninga (Roppen 2024).
- 14 I arkivet til Norsk Presseforbund er saka notert motteken og oversend til Det faglege utval 31. august 1932. Riksarkivet, Privatarxiv PA 835 Norsk Presseforbund DA-0018 Korrespondanse kronologisk.
- 15 Solumsmoen 1966: 38
- 16 Solumsmoen 1966: 39
- 17 Røssland 2010: 280
- 18 Røssland 1999: 62–63
- 19 Røssland 2003, 2010
- 20 https://snl.no/Olaf_Solumsmoen
- 21 Thune 2015: 105
- 22 Ottosen 1996
- 23 Sletten & Solumsmoen 1966
- 24 Brev frå Olaf Solumsmoen til Norsk Presseforbund v/formannen Vegard Sletten [Skrive på brevarket: Statsministerens kontor], 26.12.1965. (Riksarkivet, PA 938 – Pressens faglige utvalg serie Ea/Fa-0064, mappe merkt «Vær varsom redaktør» 1965/66).
- 25 Røssland 1999: 50–51
- 26 Sjø blant andre Bjerke 2010: 76–77.
- 27 Røssland 1999: 50–51
- 28 Solumsmoen 1966: 15
- 29 Solumsmoen 1966: 16
- 30 Jensen 1997, 2003; Seland 1975
- 31 Iversen 1998; Kvanmo 1993; Lange og Eide 1974; Strømmen 2016
- 32 Iversen 1998
- 33 I 2016 (!) kom det ut ein politisk-polemisk kriminalroman skriven av Anders Lange (A.S. Lange 2016) med tittelen Herre, hold hjertene varme! en beretning om politiske gangstere og kjærlighetens makt. Hans Olav Lahlum skreiv eit forord i romanen, og fortel at manuskriptet til romanen hadde vorte liggande blant Anders Langes papir på Stortinget etter at han døydde, fram til det vart plukka opp og publisert av Juritzen forlag.
- 34 Bjorvatn 1996; Strømmen 2016: 86–87; Tronstad 2012: 95
- 35 Eidskrem 2022; Grutle 2018
- 36 Norland 1973
- 37 Fædrelandsvennen 2000; Seland 1975
- 38 Fædrelandsvennen 2000; Seland 1975
- 39 Jansen 2010; Ohrman-Nielsen 2010b, 2010a

- 40 Eit tidleg døme på diskusjon og vurdering av aviser som kjelde finn vi hos Bull (1929) i artikkelen «Den moderne pressen som historisk kilde : noen grunnlinjer, ut fra norsk materiale». Bull skreiv sin artikkel om lag på same tid som denne artikkelen handlar om, og Bull har interessante vurderingar av korleis innhaldet i dei samtidige avisene vart påverka av eigar-, konkurranse- og annonsørforhold, men også omkring forholdet mellom regjering og aviser og medieinterne forhold – som korleis overskrifter kunne bli laga, tekstreklame og lanseringsjournalistikk. Han åtvarar mot å vurdere aviser aleine som «uttrykk for de forskjellige redaktørers personlighet» (s. 29). Og så meiner han at i 1929 var «journalistikken blitt en profession som så mange andre» (s. 20–21).
- 41 I arkivet finst blant anna møtebok for bladstyret i Dagbladet Sørlandet for åra 1928–1948. <https://arkivportalen.no/entity/abb3ab61-1128-44dc-83c5-8aa0ae8adea9?ins=AV>
- 42 Siste redaktøren av Agder Tidend var Tom Svennevig. Han opplyser at han var forfattar av omtalen av Hans Aarnes i Egil Remi Jensens bok (Svennevig 2025).
- 43 Jensen 2003
- 44 Scheflo 1974
- 45 Bruaset 1998; Skarsbø 2009; Tjelle 2014
- 46 Grepstad 2010; Roppen 2024
- 47 Grepstad 2022
- 48 Munksgaard 2003
- 49 Tønnessen 1974: 201
- 50 Jensen 2003: 113
- 51 Fædrelandsvennen 2000: 10–12
- 52 Fædrelandsvennen omtalte seg i avisa også som vidareføring av Kristianssands Stiftsavis og Adressekontors Efterretninger (Høeg 1973: 188).
- 53 Den fulle teksten: «Organ for Det norske Arbeiderparti i Kristiansand, Mandal, Farsund, Flekkefjord, Vest-Agder fylkes landdistrikter og Setesdal». Dette var eigenomtalen avisa nytta i 1930-åra.
- 54 Denne eigenpresentasjonen vart trykt i avisa dei første åra ho kom ut, men ikkje etter 1930.
- 55 I ein eigenannonse for trykkeriet i Agder Tidend 6. januar 1931 står det at Agder Tidends prenteverk kunne levere «brevpapir, konvoluttar, merkelappar, faktura, innbydingskort, visitkort, brudlaupssongar, gravsongar, plakatar, katalogar, protokollar, kontrabøker, ekspedisjonsbøker, kvitteringsbøker, lagsblad, bøker og hefte». Så trykkeriet skulle ikkje berre trykke avisa, men kunne også utføre mange andre slags oppdrag. Eitt av oppdraga var å trykke lærebøker og anna kursmaterieil for Bladmanskulen, som redaktør Hans Aarnes dreiv ved sidan av gjerninga som avisredaktør (Roppen 2024).
- 56 Norsk Presseforbund 1931, 1939
- 57 Jansen 2010
- 58 I Norsk presses historie omtalar Egil Remi Jensen Tiden som ei avis som i mellomkrigstida var den minste avisa i Arendal, og med hyppige redaktørskifte fordi redaktøren Ola Solberg var stortingsrepresentant det meste av mellomkrigstida (Jensen 2010).
- 59 Jensen 2003: 56–59
- 60 Roppen 2024
- 61 Brunvand 1974: 20
- 62 Opsal 1974
- 63 Bastiansen & Dahl 2019; Eide 2000; Ottosen 1996, 2010
- 64 Jensen 2003
- 65 Roppen 2024
- 66 Aarnes 1926
- 67 Eit talande døme på at Hans Aarnes var oppteken av pressespørsmål, er at han trykte den aller første tekstreklameplakaten i Agder Tidend 1. mars 1926, s. 4, under overskrifta «Mot tekstreklamen». Norsk Presseforbund brukar også i dag utklippet i Agder Tidend som dokumentasjon på denne første versjonen av plakaten om tekstreklame (e-post til forfattaren 22. november 2024).
- 68 Sparkinga av Aarnes vart ikkje omtala i det heile av Agder Tidend, Journalisten eller Dagspressen. Somme andre aviser spekulerte i kva som var årsak til sparkinga, men Aarnes sjølv bidrog berre til debatten ved å distribuere attesten han fekk frå den tidlegare styreleiaren i Agder Tidend AS, der han fekk stor ros for si leiling av avisa (Den 17de Mai, 13. oktober 1932, s. 4 og 6). Også i nyare tid har det dukka opp speulasjonar om årsaka til at Aarnes vart sparka (Krogseth 2022).
- 69 Aarnes hadde også søkt på jobben som «filmensor» i mars 1931, så kanskje hadde han alt teke til å orientere seg bort frå Kristiansand og i retning Oslo. Lista over søkarar på stillinga som filmensor stod i Aftenposten, 7. mars 1931, s. 2.
- 70 Det fulle namnet hans var Christian Joachim Rieber-Mohn, men det ser ut til at han som regel sjølv forkorta namnet til Chr. I. (sic!) Rieber-Mohn, jf. Rieber-Mohn 1947, sjølv om det ikkje alltid vart skrivne slik av andre.

- 71 Minneord over Chr. J. Rieber-Mohn i Dagspressen, nr. 7–8 (1959), s. 19. Rieber-Mohn fekk ein son, som fekk same namn som faren, og som også var presseman. Chr. Rieber-Mohn jr. (1916–1991) arbeidde både i Hamar Stiftstidende, i Vestlandske Tidende (Arendal) og i Aftenposten (Jensen 2003: 214; Norsk Presseforbund 1950).
- 72 Bruaset 1998: 100; Skarsbø 2009: 58
- 73 Opsal 1974
- 74 Beinset 1950
- 75 Jensen 2003: 104–105
- 76 Dagspressen skreiv på same tid at det var ti søkarar til stillinga (Dagspressen 4/1931, s. 46).
- 77 Sjå kapittel III «Oppgjøret med stalinismen» for ei samling leiarartiklar av Schefflo (Schefflo 1974: 123–140).
- 78 Lie 1980: 368–369
- 79 Fædrelandslagets Landssekretariatet 1931
- 80 Brandt 1943: 10
- 81 Nielsen 2001; Norland 1973
- 82 Ohman-Nielsen 2010a: 27; Tronstad 2021
- 83 Anders Sigurd Lange (1904–1974). Lange er uløyselig knytt til partiet han starta i 1973: «Anders Langes Parti til sterk nedsettelse av skatter, avgifter og offentlige inngrep», som bytte namn til Framstegspartiet (Fremskrittspartiet) etter at Lange døydde.
- 84 Agder Tidend, 3. mai 1930, s. 7.
- 85 Norland 1973: 294
- 86 Norland 1973: 273
- 87 Gabriel Moseid i Store norske leksikon: https://nbl.snl.no/Gabriel_Moseid
- 88 Denne vurderinga bygger på eit tekstsøk i avisene i Kristiansand for åra 1929–1935, der det vart søkt etter «'stortingsmann Moseid' OR 'Gabriel Moseid' OR 'Lagtingspresident Moseid'» med eit resultat på 311 treff, altså under halvparten så mange treff som for Anders Lange.
- 89 Agder Tidend, 25. januar 1930, s. 3. Møtet fekk også eit referat i Fædrelandsvennen, der Rieber-Mohn også vart sitert på at han ikkje likte namnet på Fædrelandslaget. Fædrelandsvennen, 25. januar 1930, s. 4.
- 90 Christianssands Tidende, 29. januar 1930, s. 5. [Med redaksjonell hale frå redaktør.]
- 91 Agder Tidend, 11. januar 1932, s. 7
- 92 Danielsen 1984: 202
- 93 Danielsen 1984
- 94 Norland, 1973
- 95 Danielsen 1984: 196–197
- 96 Norland 1973: 123
- 97 Norland 1973: 126
- 98 Danielsen 1984: 198–199; Norland 1973: 162
- 99 Fædrelandslagets Landssekretariatet 1931: 9–11
- 100 Friis mfl. 1933: 870
- 101 Fædrelandsvennen, 24. oktober, s. 2.
- 102 Christianssands Tidende, 27. oktober 1930, s. 3
- 103 Christianssands Tidende, 28. oktober 1930, s. 3.
- 104 Agder Tidend, 30. oktober 1930, s. 6.
- 105 Agder Tidend, 27. oktober 1930, s. 6.
- 106 Agder Tidend, 27. oktober 1930, s. 6
- 107 Fædrelandsvennen, 24. oktober 1930, s. 2
- 108 Agder Tidend, 28. oktober 1930, s. 6
- 109 Agder Tidend, 5. november 1930, s. 6
- 110 Fædrelandsvennen, 14. juli 1931, s. 3 [Annonse]
- 111 Christianssands Tidende, 6. juni 1931, s. 1. Artikkelen er signert og ikkje merkt som leiarartikkel.
- 112 Agder Tidend, 6. juni 1931, s. 3
- 113 Lars Georg Hansen hadde erfaring som ishavsskipper og skreiv fleire bøker med motiv frå ishavsfangsten. Han var ein velkjend og populær forfattar i 1920- og 1930-åra. https://snl.no/Lars_Georg_Hansen
- 114 Folketanken, 17. desember 1930, s. 1

- 115 Hambro-slekta kom til Noreg frå Danmark og konverterte til kristendommen tidleg på 1800-talet (Bull 1933; Theien 2015: 8)
- 116 Blom 1973
- 117 Theien 2015
- 118 Theien 2015: 107
- 119 Blom 1973: 194
- 120 Danielsen 1984: 202
- 121 Theien 2015: 111
- 122 Theien refererer blant anna frå eit privat brev frå Anders Hovden til Halvdan Koht i 1923, der Hovden skreiv at han vona at «jøden Hambro» likevel hadde så sterke røter i norsk jord at han kunne gjere nytte for seg i forhandlingane om Grønland (Theien 2015: 111). Theien refererer også til ein artikkel (2015: 316) av Marstrander med tittelen «Presidenten» som skulle ha stått i Tidens Tegn 11. januar 1932. Eg har ikkje klart å finne eit slikt innlegg i Tidens Tegn på den aktuelle dato. I Nasjonalbiblioteket er ikkje Tidens Tegn fullstendig digitalisert per august 2024.
- 123 Tønnesson 2017
- 124 Søketerm: «hambro jødisk»~10 og «hambro jøde»~10 for åra 1927–1935. Symbolet «~» er eit «nærleikssøk» der det er eit kriterium at dei to nemnde orda skal vere maksimalt ti ord frå kvarandre i avisteksten.
- 125 Arbeiderbladet, 12. september 1930, side 3. Helgeland Arbeiderblad vart starta i 1930, men dei fire første årgangane var ikkje digitaliserte av Nasjonalbiblioteket i august 2024.
- 126 Dagbladet, 23. juni 1931, s. 5
- 127 Hortens Arbeiderblad, 17. november 1931, s. 1
- 128 Agder Tidend, 14. juli 1931, s. 7
- 129 Sørlandet, 10. juli 1931 [sidetal ukjent]
- 130 Brandt 1943: 13
- 131 Jensen 2003: 113; Opsal 1974
- 132 Saxe 1935: 257–259
- 133 Seland 1975: 220
- 134 Sverre Opsal var i 1930-åra journalist i avisa Sørlandet (Jensen 2003: 121). Opsal var også med på å redigere julehefta til Kristiansands Presselag (Opsal og Kristiansands Presselag 1931). Opsal var truleg også med på å vedta å sende klagen som medlem av styret i Kristiansands Presselag.
- 135 Jensen 2003: 105
- 136 Saxe 1935: 257
- 137 Dokumentet ligg i Riksarkivet, i privatarkivet til Norsk Presseforbund: 0016 - Tvistespørsmål Agder Tidend Anders Lange» Arkivkode: RA/PA-0835/1/E/L0066/0016 (1931-)
- 138 I eldre juridisk språk kunne chikane bli nytta som namn på «juridiske knep» som vart nytta for å hindre realitetsbehandling av ei sak.
- 139 Ordbøkene.no: <https://ordbokene.no/nob/bm,nn/sjikane>
- 140 Norsk etymologisk ordbok (Caprona 2013: 822)
- 141 NAOB (Det norske akademis ordbok): <https://naob.no/ordbok/sjikane>
- 142 Luihn 1931: 21
- 143 Keilhau 1933: 1126
- 144 Røssland 1999: 303
- 145 Jf. omtale av Tidens Tegn i Store norske leksikon (https://snl.no/Tidens_Tegn_-_morgenavis).
- 146 Solumsmoen 1966: 20
- 147 Folketanken, 17. desember 1930, s. 1
- 148 Lindesnes, 29. juni 1931, s. 2
- 149 Tronstad 2021
- 150 Sogns Tidend, 5. august 1931, s. 2 (Bjørnaraa 1931)
- 151 Tidens Tegn, 7. september 1931, s. 1 og 3.
- 152 Det ser ikkje ut til at det stemmer at Hambro og Rieber-Mohn var i slekt. I alle fall er ingen Rieber-Mohn nemnd i ei samtidig ættesoge for Hambro-familien (Bull 1933). Aarnes var heller ikkje konkret på korleis Hambro og Rieber-Mohn eventuelt skulle ha vore i slekt.
- 153 Wale 1978: 171
- 154 Arbeiderbladet, 4. juli, s. 4
- 155 Norsk Presseforbund, referat hovudstyremøte 13. januar 1931, s. 5
- 156 Fædrelandsvennen, 14. september 1931, s. 3.

- 157 Den aktuelle artikkelen til Lange hadde tittelen: «Sak – person eller litt om hr. ing. Skjeies innlegg på Peersen-møtet», Agder Tidend, 14. september 1931, s. 6.
- 158 Sjå til dømes notis: «Bondepesselaget», Nationen, 26. mars 1928, s. 5
- 159 Norland 1973
- 160 Omtale av Thorvald Aadahl i Store norske leksikon: https://nbl.snl.no/Thorvald_Aadahl
- 161 Valaker 1999; Westlie 2019
- 162 Sitat frå Tellanders saksutgreiing i redaktør-sjikane-saka i Det faglege utval. Tellander skreiv Rieber-Mohn utan bindestrek.
- 163 Fremo 1994
- 164 Petersen og Gotaas 1952
- 165 Hans Aarnes i brev til hovudstyret i Norsk Presseforbund, datert 10. februar 1932. Ligg i saksmappa om redaktør-sjikane-saka.
- 166 Fremo 1994: 21
- 167 Raaum 2003: 47
- 168 Ver varsam-plakaten per i dag: <https://presse.no/pfu/etiske-regler/vaer-varsom-plakaten/vvpl-nynorsk/>
- 169 Brurås 2002: 59
- 170 «Redaksjonskomiteens utkast til vedtekter [for] Pressens faglige utvalg.» Riksarkivet, Privatarkiv PA 938 – Pressens faglige utvalg, serie Ea/Fa-0064), mappe merkt «Det faglige utvalg/testamente». Referatet ligg i fleire eksemplar i mappa.
- 171 Bull 1929: 21
- 172 Brev frå Hans Aarnes til Norsk Presseforbunds hovudstyre, 20. juli 1931. Brevet ligg i saksmappa til redaktør-sjikane-saka.
- 173 Sørlandet, 29. april 1932, s. 3
- 174 Solumsmoen 1966: 39–40
- 175 Jensen 2003: Opsal og Kristiansands Presselag 1931: 122
- 176 Saxe 1935: 258
- 177 Nationen, 9. mai 1931, s. 7
- 178 Agder Tidend, 15. februar 1932, s. 6
- 179 Sørlandet, 15. februar 1932, s. 3
- 180 Fædrelandsvennen, 15. februar 1932, s. 2
- 181 Saxe 1935
- 182 Også munnlege kjelder (Tom Svennevig, Egil Remi Jensen og Alf Kjetil Igland) i Agders pressemiljø har vorte konsulterte og stadfestar inntrykket både av at redaktør-sjikane-saka og for så vidt også Hans Aarnes, Anders Lange og Fedrelandslaget har vorte gløymde.
- 183 Seland 1975: 147
- 184 Dingsøy mfl. 1938
- 185 «Redaktør Johan Tveite fikk halvannet år», Stavanger Aftenblad, 28. august 1946, side 4. «Redaktør Johan Tveite for heradsretten [...] kjennar seg ikkje skuldig til straff», Agder Tidend, 23. august 1946, side 4.
- 186 Christianssands Tidende, 14. oktober 1932, s. 3
- 187 Jensen 2003: 111
- 188 Høeg 1973: 366
- 189 Jensen 2003: 160–163
- 190 Bergens Tidende, 28. april 2015, s. 8–9; Bergens Tidende, 21. april 2017, s. 36–37
- 191 Høeg 1973: 187; Jensen 2003: 93–95
- 192 Norland 1973
- 193 Tronstad 2012
- 194 Tronstad 2021: 82–126
- 195 Westlie 2022: 171–172
- 196 Scheflo 1934
- 197 Agder Tidend, 18. mai 1934, s. 3
- 198 Anders Lange vedgjekk seinare at han nok kunne skuldast for å lefle med fascismen i desse åra, men ikkje med nazismen (Lange & Eide, 1974).
- 199 Jensen 2003: 126–127
- 200 Saka vart omtala i alle avisene i byen: Agder Tidend, 28. september 1934, s. 6; Agder Tidend, 28. september 1934, s. 6–7; Sørlandet, 28. september 1934, s. 3; Christianssands Tidende, 28. september 1934, s. 2; Fædrelandsvennen, 28. september 1934, s. 1.
- 201 Tronstad 2021: 106
- 202 Sørlandet, 8. juni 1935, s. 4 og 6

203 Norland 1973

204 Strømmen 2016: 88

Referansar

Artiklar i aviser og fagblad

Aftenposten (1931, 7. mars). De som gjerne vil bli filmcensor. Det har meldt sig 38 ansøkere, s. 2

Agder Tidend (1926, 1. mars). Mot tekstreklamen, s. 4

Agder Tidend (1930, 25. januar). Fedrelandslaget i Kristiansand [.] Fraa møtet igaar kveld, s. 3

Agder Tidend (1930, 3. mai). Fedrelandslaget fær kontor i Kristiansand [.] Anders Lange sett til styrar, s. 7

Agder Tidend (1930, 27. oktober). «Christiansands Tidende» dansar etter, s. 6

Agder Tidend (1930, 27. oktober). «Fædrelandsvennen» taper hovudet, s. 6

Agder Tidend (1930, 28. oktober) Tvo tungor, s. 6

Agder Tidend (1930, 30. oktober). Den «navnløse» utsending i «Chr. Tidende» [innlegg av Anders Lange], s. 6

Agder Tidend (1930, 5. november). Ungdomsfylkingen til Fedrelandslaget i Kristiansand [.] Aarsmøtet vedtek med 53 mot 11 r. aa ikkje uttala seg om rundskrivet[.] Anders Lange hevdar at han tek ikkje eit ord tilbake av det som stod der, s. 6

Agder Tidend (1931, 6. juni). Chr.sands Tidende og Grønlandssaken [av Anders Lange], side 3

Agder Tidend (1931, 14. juli). Kommunistene og kronprins Olav, [Av Anders Lange], s. 7

Agder Tidend (1931, 14. september). Sak – person eller litt om hr. ing. Skjeies innlegg på Peersen-møtet, s. 6

Agder Tidend (1932, 11. januar). B.G. og Grønland [av Chr. I. Rieber-Mohn] s. 7

Agder Tidend (1932, 15. februar). Kristiansands Presselag, s. 6

Agder Tidend (1934, 18. mai). 17. mai. Største barne- og folketog i Kr.Sand paa mange aar, s. 3

Agder Tidend (1934, 28. september). Dragesæden spirer [Leiar], side 6

Agder Tidend (1934, 28. september). Rått overfall på stortingsm. Moseid og sekretær Lange i Vennesla, s. 6–7

Agder Tidend (1946, 23. august). Redaktør Johan Tveite for heradsretten [.] kjennar seg ikkje skuldig til straff, s. 4

Arbeiderbladet (1930, 12. september). Hambro, s. 3

Arbeiderbladet (1931, 4. juli). Tronfølgeren på regatta, s. 4

Bergens Tidende (2015, 28. april). Den motvillige NS-redaktøren, [av Kjartan Rødland], s. 8–9

Bergens Tidende (2017, 21. april). «Far og sønn sonet sammen», [av Terje Valestrand], s. 36–37

Christianssands Tidende (1930, 29. januar). Aabent brev fra Anders Lange, s. 5

Christianssands Tidende (1930, 27. oktober). Økonomisk boikott. Hvad Fedrelandslaget mener at kunne tillate sig, s. 3

Christianssands Tidende (1930, 28. oktober). Boikott-trudslen. En enstemmig fordømmelsesdom, s. 3

Christianssands Tidende (1931, 6. juni). Grønlandssaken, s. 1

Christianssands Tidende (1932, 14. oktober). Takk! [avskilshelsing frå Rieber-Mohn], side 3

Christianssands Tidende (1934, 28. september). Livlig møte på Vennesla. Stortingsmann Moseid og Anders Lange bombarderes med egg og stein, s. 2

Dagbladet (1931, 23. juni). Vanvittig tysk nazi-skrøne om «jødeveldet i Norge», s. 5

Dagspressen (1931, april). s. 46

Dagspressen (1959, nr. 7–8). [Minneord over] Chr. J. Rieber-Mohn, s. 19

Den 17de Mai (1932, 13. oktober). Vitnemaalet til redaktør Aarnes, s. 4 og 6

- Folketanken* [Risør] (1930, 17. desember). «!» [Artikkel med referat frå Lars Hansens foredrag i Kristiansand], s. 1
- Fædrelandsvennen* (1930, 25. januar). Fedrelandslagets møte igaar, s. 4
- Fædrelandsvennen* (1930, 24. oktober). Sjaa framover, s. 2
- Fædrelandsvennen* (1931, 14. juli). Stemna i Konsmo [Annonse for arrangement 19. juli 1931], s. 3
- Fædrelandsvennen* (1931, 14. september). Lilleborgkonsessjonen. Peersen-møte. [Annonse], s. 3
- Fædrelandsvennen* (1932, 15. februar). Kristiansands Presselag, s. 2
- Fædrelandsvennen* (1934, 28. september). 'Sørlandet' lager skole her i distriktet ogsaa. Utrolig frekkehett og rampet opførsel i Vennesla igaar. Rotne egg og annet kasteskyts mot Anders Lange. Verst gikk det dog ut over lagtingspresident Moseid, s. 1
- Hortens Arbeiderblad* (1931, 17. november). Hambro skulle hett Hamburg, s. 1
- Lindenes* (1931, 29. juni). Schefflo tukter, [referat frå tale av Olav Schefflo], s. 2
- Nationen* (1928, 26. mars). Bondepresselaget, s. 5
- Nationen* (1931, 9. mai). Bondepresselagets reisestipendium, s. 7
- Sogns Tidend* (1931, 5. august). Kva danskane vil [Av Torger Bjørnaraa], side 2
- Stavanger Aftenblad* (1946, 28. august). Redaktør Johan Tveite fikk halvannet år, s. 4
- Sørlandet* (1931, 10. juli). Betegnende, [sidetal ukjent]
- Sørlandet* (1932, 15. februar). Kristiansands Presselag, s. 3
- Sørlandet* (1932, 29. april). Svindelpredikant og ssvovelpredikant N. Abrahamsen, s. 3
- Sørlandet* (1934, 28. september). Anders Lange på Vennesla. Bombarderes med råtne egg. Stortingsmann Moseid i skuddlinjen, s. 3
- Sørlandet* (1935, 8. juni). Er Fedrelandslaget fascistisk? [av Tarald Nomeland], s. 4 og 6
- Tidens Tegn* (1931, 7. september). Kraftige uttrykk av Stauning på Hamar, s. 1 og 3

Arkiv

Riksarkivet:

- PA 835 Norsk Presseforbund DA-0018 Korrespondanse kronologisk
- PA-0835/1/E/L0066/0016 (1931-) «0016 - Tvistespørsmål Agder Tidend Anders Lange»
- PA-0938 «Pressens Faglige Utvalg»
- PA 938 – Pressens faglige utvalg, serie Ea/Fa-0064, mappe merka «Vær varsom redaktør» 1965/66
- PA 938 – Pressens faglige utvalg, serie Ea/Fa-0064, mappe merka «Det faglige utvalg/testamente».

Intervju

- Takk til Alf Kjetil Igland for hjelp med intervju i arbeidet med denne artikkelen.
- Alf Kjetil Igland, journalist og forfatter, 12. oktober 2024
- Egil Remi Jensen, tidlegare redaktør av *Fædrelandsvennen*, 19. desember 2024 *)
- Tom Svennevig, siste redaktør av *Agder Tidend*, 20. desember 2024 *)
- Roger Tronstad, forfatter og forskar, 11. oktober 2024

*) Blei intervjuet av Alf Kjetil Igland.

Litteraturliste

- Bastiansen, H.G. og Dahl, H. F. (2019). *Norsk mediehistorie* (3. utgave.). Universitetsforlaget.
- Beinset, A. (1950, 3. juli). To Kristiansands-redaktører. *Fædrelandsvennen* [jubileumsnummer 1950], 23.

- Bjerke, P. (2010). Samfunnsoppdraget – fra forpliktelse til rettighet. I J. Roppen og S. Allern (red.), *Journalistikkens samfunnsoppdrag*. Høyskoleforlaget/IJ-forlaget.
- Bjorvatn, Ø. (1996). Da Quisling talte på Holt landbruksskole. *Dengang – på våre kanter – årsskrift 1996 [Årbok historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand]*, 69–71.
- Bjørnaraa, T. (1931, 5. august). Kva danskane vil. *Sogns Tidend*, 2.
- Blom, I. (1973). *Kampen om Eirik Raudes land : pressgruppetilstand i grønlandsspørsmålet 1921–1931 [Doktoravhandling i historie, Universitetet i Oslo]*. Gyldendal.
- Brandt, W. (1943). Olav Schefflo (Minneord, først trykt i avisa *Social-Demokraten*, Stockholm, juli 1943). I I. Schefflo, *Olav Schefflo som politiker og menneske: 44 artikler og debattinnlegg*, 9–13. Oslo: Tiden.
- Bruaset, O. (1998). *Fargerike romsdalingar*. Oslo: Det norske Samlaget.
- Brunvand, O. (1974). Redaktøren og anti-stalinisten. I I. Schefflo, *Olav Schefflo som politiker og menneske: 44 artikler og debattinnlegg*, 20–30. Tiden.
- Brurås, S. (2002). *Etikk for journalister* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Bull, E. (1929). Den moderne pressen som historisk kilde : noen grunnlinjer, ut fra norsk materiale. *Scandia : tidskrift för historisk forskning*, 2(1), 1–30.
- Bull, T. (1933). *Kjøbmann i Bergen Edvard Isach Hambro og hans efterslekt*.
- Caprona, Y.C. de. (2013). *Norsk etymologisk ordbok : tematisk ordnet*. Kagge.
- Danielsen, R. (1984). *Borgerlig oppdemningspolitikk : 1918–1940 [Høyres historie, band 2]* (Bd. 2). Cappelen.
- Dingsøy, P., Andersson, A., Tveite, J. og Skeidsvoll, A. (1938). *Norske bladmenn og norske blad : 25 års skrift for Norsk bladmannlag og ei 80 års norsk bladsaga*. Lunde.
- Eide, M. (2000). *Den redigerende makt : redaktørrollens norske historie*. IJ-forl.
- Eidskrem, V. (2022). *Borgernes korstog – En analyse av Samfundsvernets ideologi (masteroppgåve)* [Universitetet i Bergen]. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-97671>
- Erichsen, R.W. (1960). *For ytringsfrihet under ansvar : Norsk presseforbund 1910–1935–1960*. Eide. <https://www.nb.no/items/dc8b355d8c45e42187cd3d4144afd5d6>
- Fedrelandslagets Landssekretariatet. (1931). «*En tusen dages valgkamp*» : beretning for Fedrelandslagets arbeide i treårsperioden 1928–1930. Fedrelandslagets forlag.
- Folketanken. (1930, 17. desember). ! [Artikkel med referat frå Lars Hansens foredrag i Kristiansand]. *Folketanken*, 1.
- Fremo, S. (1994). *Presseskikk : en rapport om presseetikk og personvern : med stikkprøver fra norske aviser gjennom hundre år*. Institutt for journalistikk.
- Friis, J., Hegna, T. og Juel, D. (1933). *Arbeidernes leksikon : 2 : C-Fiskemåken* (Bd. 2). Arbeidermagasinets forlag.
- Fædrelandsvennen. (2000). *125-årsjubileum 3. juli 1875–2000 : Fædrelandsvennen : avisen for Sørlandet*. Fædrelandsvennen.
- Grepstad, O. (2010). Utskild og integrert: nynorsk presse 1880–1945. I R. Ottosen (red.), *Norsk presses historie, bind 2: Parti, presse og publikum 1880–1945*, 195–225. Universitetsforlaget.
- Grepstad, O. (2022). *Bokhistorier : bøker, forfattere og forlag i norsk skriftkultur*. Grepstad skriveri.
- Grutle, E.F. (2018). «*Det glade vanvids følger*» – Norsk høyreaktivisme 1923–1930 (masteroppgåve). <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-65669>
- Høeg, T. A. (1973). *Norske aviser 1763–1969 en bibliografi*. Ubo.
- Ihlebak, H. A. (1977). *Lov og etikk i journalistikk : pressen, kildene og leserne*. Institutt for journalistikk.
- Iversen, J.M. (1998). *Fra Anders Lange til Carl I. Hagen : 25 år med Fremskrittspartiet*. Millennium.

- Jansen, T. (2010). Sørlandet. I I. Flo (red.), *Norsk presses historie, bind 4 : Norske aviser fra A til Å*, 331. Universitetsforlaget.
- Jensen, E.R. (1997). *En by i verden – en avis i byen : 120 år med lokalavisen Agder*. [Avisen].
- Jensen, E.R. (red.) (2003). *De satte det på trykk : sørlandske pressefolk i liv og trengsel gjennom 100 år*. IJ-forlaget.
- Jensen, E.R. (2010). Tiden [Arendal]. I I. Flo (red.), *Norsk presses historie, bind 4 : Norske aviser fra A til Å*, 340. Universitetsforlaget.
- Keilhau, W. (1933). *Kringla Heimsins : norsk konversasjonsleksikon, bind 5 : N-Skogopsyn*. Nasjonalforlaget.
- Krogseth, K.H. (2022). *Karen og Søren Haugland : møte med to samfunnsengasjerte mandalitter*. Karen Høyland Krogseth.
- Kvanmo, H. (1993). *Anders Langes saga*. Det Norske Samlaget.
- Lange, A. og Eide, T. (1974). *Anders Lange som han var*. Lyche.
- Lie, H. (1980). *Loftsrydding*. Tiden.
- Luihn, O. (1931). *Arbeidernes fremmedordbok : en forklaring på de viktigste fremmedord og begreper som man i almindelighet finner i arbeiderpressen og arbeiderlitteraturen*. Arbeidermagasinets forlag.
- Munksgaard, O. (2003). Et kupert politisk terreng. I E.R. Jensen (red.), *De satte det på trykk : sørlandske pressefolk i liv og trengsel gjennom 100 år*, 89–116. IJ-forlaget.
- Nielsen, M.-B.O. (2001). *Bondekamp om markedsmakt : Senterpartiets historie 1920–1959, bind 1*. Det Norske Samlaget.
- Norland, A. (1973). *Hårde tider : Fedrelandslaget i norsk politikk*. Dreyer.
- Norsk presseforbund. (1931). *Pressefolk [1931] : biografiske opplysninger om Norsk presseforbunds medlemmer 1930*. Forbundet.
- Norsk presseforbund. (1939). *Pressefolk [1938] : biografiske opplysninger om Norsk presseforbunds medlemmer 1938* (2. utg.). Forbundet.
- Norsk presseforbund. (1950). *Pressefolk [1950] : biografiske opplysninger om Norsk presseforbunds medlemmer : 1950* (3. utg.). Forbundet.
- Ohman-Nielsen, M.-B.O. (2010a). Agder Tidend. I I. Flo (red.), *Norsk presses historie, bind 4 : Norske aviser fra A til Å*, 27. Universitetsforlaget.
- Ohman-Nielsen, M.-B.O. (2010b). Christianssands Tidende. I I. Flo (red.), *Norsk presses historie, bind 4 : Norske aviser fra A til Å*, 70. Universitetsforlaget.
- Opsal, S. (1974, 7. november). Pressefolk i Kristiansand i 1930-årene [:] Fremragende redaktører i kamp. *Fædrelandsvennen*, 5.
- Opsal, S. og Kristiansands Presselag. (1931). *Kristiansandsjournalisten*.
- Ottosen, R. (1996). *Fra fjærpenn til Internett : journalister i organisasjon og samfunn*. Aschehoug : I samarbeid med Norsk journalistlag.
- Ottosen, R. (red.). (2010). *Norsk presses historie, bind 2: Parti, presse og publikum 1880–1945*. Universitetsforlaget.
- Petersen, K.T. og Gotaas, B. (1952). *Den konservative presses forening 1892–1952*.
- Rieber-Mohn, C. J. (1947). *Hamar Stiftstidende 1847 – 29. juli – 1947 : med stikka gjennom 100 år*. Hamar Stiftstidende.
- Roppen, J. (2024). Bladmannaskulen: Den første norske journalistutdanninga. *Mediehistorisk tidsskrift*, 1, 84–113.
- Røssland, L.A. (1999). *Presseskikkens samtale : samtaleposisjonar for Norsk Presseforbund sitt faglege utval : 1930–1972*. Fagbokforlaget.

- Røssland, L.A. (2003). Presseskikkforvaltarane sine utfordringar. I T. Roksvold og R. Ottosen (red.), *Presseetisk front : festskrift til Odd Raaum*, 25–35. IJ-forlaget.
- Røssland, L.A. (2010). God presseskikk blir til. I R. Ottosen, H.F. Dahl, N.E. Øy og I. Flo (red.), *Norsk presses historie, bind 2: Parti, presse og publikum 1880–1945*. Universitetsforlaget.
- Raaum, O. (1978). *Myten om pressefrihet [.] Norsk mediepolitikk og tradisjoner i presse og kringkasting*. Universitetsforlaget.
- Raaum, O. (1986). *Pressens tøyelige etikk : journalisters yrkesmoral og selvjustis*. Universitetsforlaget.
- Raaum, O. (2003). *Dressur i pressen : selvjustis i internasjonalt perspektiv*. Universitetsforlaget.
- Saxe, L. (1935). *Norsk presseforbund : 1910–1935*. [s.n.].
- Scheflo, I. (red.). (1974). *Olav Scheflo som politiker og menneske: 44 artikler og debattinnlegg*. Tiden.
- Scheflo, O. (1934). Fascistenes dag (leiarartikkel i *Sørlandet*, 19. mai 1934). I I. Scheflo, *Olav Scheflo som politiker og menneske: 44 artikler og debattinnlegg*, 100–101. Tiden.
- Seland, J. (1975). *Med Fædrelandsvennen i hundre år : 1875–1975*. Fædrelandsvennen.
- Skarsbø, S.E. (2009). Anton Beinset – stridsmannen frå Otrøya. *Årbok (Romsdalsmuseet)*.
- Sletten, V. og Solumsmoen, O. (1966). Forord. I *Vær varsom redaktør : Norsk Presseforbunds faglige utvalg gjennom 50 år*. Universitetsforlaget.
- Solumsmoen, O. (1966). *Vær varsom redaktør : Norsk Presseforbunds faglige utvalg gjennom 50 år*. Universitetsforlaget.
- Strømmen, Ø. (2016). *Anders Lange: en norsk historie* (1. utgave, 1. opplag). Cappelen Damm.
- Theien, I. (2015). *Fra krig til krig : en biografi om C.J. Hambro*. Spartacus.
- Thune, H. (2015). *Øyeblikkets triumf : et oppgjør med den mediefikserte politikken*. Spartacus.
- Tjelle, O. (2014). *Anton Beinset : 1894–1963*. O. Tjelle.
- Tronstad, R. (2012). Agders rasistiske fortid. Tilsløring og avsløring av aktører. I B. Seland (red.), *Den Vanskelige historien : Agderseminaret 2011*. Cappelen Damm Høyskoleforlaget.
- Tronstad, R. (2021). «Denne seige rase» : antisemittisme på Agder inntil 1945. Arkivet.
- Tønnessen, J.N. (1974). *Kristiansands historie : 1914–1945 : i krigens århundre*. Christianssands sparebank.
- Tønnesson, Ø. (2017). Iselin Theien: Fra krig til krig : en biografi om C.J. Hambro. *Internasjonal politikk*, 75(3), 257. <https://doi.org/10.23865/intpol.v75.1113>
- Valaker, T. (1999). «Litt fascisme, hr. statsminister!» : historien om den borgerlige pressen og fascismen. Forum Aschehoug.
- Wale, T. (1978). *Innføring i journalistikk*. Institutt for journalistikk.
- Westlie, B. (2019). *Det norske jødehatet : propaganda og presse under okkupasjonen* (1. utgave.). Res publica.
- Westlie, B. (2022). *Mørke år : Norge og jødene på 1930-tallet*. Cappelen Damm.
- Wolland, S. og Øvrum, R. (1992). *Budbringerens dilemma om ytringsfrihet, presseetikk og redaktøransvar*. Institutt for journalistikk.
- Aarnes, H. (1926). *Bladstyren*. Agder Tidends prenteverk.